



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	28.11.2024
Tid:	10:00

Lene Borgen Waage har meld forfall til dette møte. Dersom nokon av dei andre medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen, tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet på dette møtet.

Arne Zahl Røksund
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/24 GK 10/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 09.10.2024 Politiske saker	2023/512	
PS 32/24	Teljepaksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadområde - rapport	2023/496	
PS 33/24	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlø kommune	2024/89	
PS 34/24	Deloitte AS presenterer interimisrevisjonsrapport 2024	2023/487	
PS 35/24	Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan	2024/136	
PS 36/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 37/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 38/24	Eventuelt	2023/482	
PS 39/24	Henvending - relatert til jobbsøking	2023/496	
PS 40/24	Konkurransesetting av revisjonstenestene - forslag til konkurransegrunnlag Referat saker	2024/67	
RS 9/24	Årsmelding 2023-2024 - Mobbeombodet i Vestland	2024/12	
RS 10/24	VS: Nytt fra FKT oktober 2024	2022/31	
RS 11/24	NKRFs Kontrollutvalskonferanse 2025	2024/12	

GK 9/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2023/512-10

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	10/24	28.11.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 09.10.2024

Møteprotokoll frå møte 09.10.2024 er vedlagt.

**Møteprotokoll**

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	09.10.2024
Tid:	10:00 - 12:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arne Zahl Røksund	Leiar	SV
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Lene Borgen Waage	Medlem	AP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	Nestleiar	H
Bente Spissøy	Medlem	UAVH

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magnar Skålevik	Bente Spissøy	INP

Rune Kvernenes har meldt forfall til møte. Ingen av varamedlemmene kunne møte for han.

Andre som møtte:

Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør (PS 24/24 til PS 26/24)
Morten Helland	Ordfører
June Stavland	Juridisk seniorrådgjevar (PS 24/24)
Inger-Johanne Sørbo Solberg	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS, på Teams (PS 27/24)
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Arne Zahl Røksund
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.05.2024	2023/512	
	Politiske saker		
PS 24/24	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigendomsselskap AS - handlingsplan	2022/339	
PS 25/24	First Agenda og kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør	2023/482	
PS 26/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 27/24	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontrollen av økonomiforvaltninga i 2024	2023/487	
PS 28/24	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/393	
PS 29/24	Budsjett 2025 for kontrollutvalet	2024/122	
PS 30/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 31/24	Eventuelt	2023/482	
	Referat saker		
RS 4/24	Årsmelding 2023-2024 - Mobbeombodet i Vestland fylke	2023/496	
RS 5/24	Suppleringsval ny sammensetning av kontrollutvalet	2023/484	
RS 6/24	Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene	2022/31	
RS 7/24	Medlemsinfo september 2024	2022/31	
RS 8/24	FKT - medlemsinformasjon juni 2024	2022/31	

Godkjenningssaker

GK 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 8/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 02.05.2024

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til møteprotokoll frå møte 02.05.2024

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 02.05.2024 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 24/24 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigendomsselskap AS - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2025. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 15.01.2025.

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør og juridisk seniorrådgjevar orienterte om status gjeldande handlingsplanen og oppdatert informasjon vart lagd fram i møte.

Informasjonen som vart meddelt i møte og ikkje var ein del av innkallinga, vert send til utvalsmedlemene.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2025. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 15.01.2025.

PS 25/24 First Agenda og kontrollutvalet - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte om First Agenda:

- Innført for alle politikarane i Bømlo kommune
- direkte knytting til Elements
- kanskje utfordring når det gjeld eksternt sekretariat, til døme VLFK sekretariat for kontrollutvalet. Dette må i såfall undersøkast nærare

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 26/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om dette:

- Sjukefråvær i august 7,1 %. Korttidsfråværet 2 % og langtidsfråværet 5,1 %
- HMS tema i september var ergonomi og i oktober konflikter på jobben
- Driftsrapporten til og med august viser eit meirforbruk på kr. 14,2 millionar, og prognosen for året er no eit meirforbruk på kr 19 millionar
- Skatteinngangen ved utgangen av september 2024 viser ein vekst på 6,54 % lokalt
- Nytt reknskap og HR system i 2025
- Investering Brannstasjon - prognose for sluttsum er uendra
- Investering legekantor Svortland - ser på løysing der alle legane på Svortland kan få plass på Øyane helsehamn
- Investering Våge skule - prosjekterer vidare med løysing
- Kjøkken BBH/renovering og ombygging av BBH - dersom formannskapet er positiv vil kommunen starte med utlysning av konkurransen med atterald om budsjettmidlar
- Kontorlokale Barne- og familietenesta
- Kommunen har fått fylkeskommunale tilskot til viktige prosjekt.
- Sak til kommunestyret gjeldande endring av rutinar for spørsmål og interpellasjonar
- Bømlo kommune har vedteke at ein kan ta imot 60 flyktningar i 2024. Pr. 03.09 er det kome 48 flyktningar

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 27/24 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontrollen av økonomiforvaltninga i 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 28.11.2024 med frist for levering til sekretariatet 07.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsplan, risikovurdering i samband med etterlevingskontrollen.

Det vart og informert om at ny partner/ansvarleg revisor på oppdraget er Unni-Renate Moe.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 28.11.2024 med frist for levering til sekretariatet 07.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapan for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 28/24 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan.....
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 01.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 28.11.2024.

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte dei aktuelle prosjekta etter at kommunestyret har vedteke endeleg plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet vart etter kvart samrøystes einig i å bestilla prosjekt 1 på lista for forvaltningsrevisjonsprosjekt. Habiliteringstenesta.

I vedtaks punkt nr.2 til forslag til vedtak vert det og teken med bakgrunn. Det er eit ønskje frå kontrollutvalet at det i prosjektplanen vert lagt med ein liste over aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt i andre kommunar innan habiliteringstenesta.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Habiliteringstenesta.
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. bakgrunn, føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 01.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 28.11.2024.

PS 29/24 Budsjett 2025 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte budsjettforslaget for 2025, og vart einig i å redusere budsjettet med kr 32000. Kommunestyret vedtok endringar i godtgjersle i kommunestyremøte 11.12.2023, og dette vert teken inn i budsjettforslaget. Endringen gjeld utvalsleiar som får noko redusert godtgjersle og at nesteleiar får litt betre møtegodtgjersle.

Sekretariatet får fullmakt til å gjere endringane. Budsjettforslaget er på kr 1 371 926 for 2025 som er ned frå kr 1 586 172 i 2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget på kr 1 371 926 for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

PS 30/24 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsleiar ønskjer at Lene Borgen Waage tek over ansvar for gjennomgang av møteprotokollar til utval for levekår, som han har hatt ansvar for. Kontrollutvalet var samla samrøystes einig i dette.

Det kom ikkje fram noko ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering, og Lene Borgen Waage tek ansvar for gjennomgang av møteprotokollar til utval for levekår frå utvalsleiar.

PS 31/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Evalueringsrapport Moster 2024

Sekretær informerte om at sekretariatet har motteke evalueringsrapport for Moster 2024. Utvalsmedlemmane ber om å få denne på epost.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Sekretariatet har motteke evalueringsrapport for Moster 2024 og kontrollutvalet ber om å få denne på epost.

Referat saker

RS 4/24 Årsmelding 2023-2024 - Mobbeombodet i Vestland fylke

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 5/24 Suppleringsval ny sammensetning av kontrollutvalet

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 6/24 Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 7/24 Medlemsinfo september 2024kom i

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 8/24 FKT - medlemsinformasjon juni 2024

Saksprotokoll 09.10.2024 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/496-30

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	32/24	28.11.2024

Teljep praksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadområde - rapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber kommundirektør om å gje ein status til kontrollutvalet om teljep praksis innan 30.04.2025. Her under om Deloitte si vurdering om korleis teljep praksis bør vera, er integrert i forslag til endra føresegner til arealdelen i ny kommuneplan.

Samandrag

Kontrollutvalet bestilte i møte 02.05.2024 i sak PS 17/24 denne undersøkinga og kontrollutvalet skal handsama rapporten i dette møte. Kontrollutvalet gjer innstilling til kommunestyret som skal fatte endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Bømlo - FR av teljep praksis LNFR - Endeleg rapport.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 02.05.2024 i sak PS 17/24 denne undersøkinga. Dette vart protokollert i saka:

Bakgrunn for bestillinga er ein førespurnad til kontrollutvalet frå ein innbyggjar knytt til dei begrensingar som gjeld for bygging av bustadhus innanfor område som i arealplanen til kommunen er definert som landbruks-, natur- og friluftsområder (LNF), og kommunen sin praksis for tildeling av løyve innanfor desse begrensingane.

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2, kan kommunen i arealplan (i den utstrekning som er naudsynt) gi føresegn om å tillate spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebygging gjennom handsaming av enkeltvis søknadar eller reguleringsplanar, når føremålet, omfang av bebygging og lokalisering er nærare skildra i arealplanen. Bømlo kommune har i sin arealplan utarbeidd slik føresegn, og opna for eit bestemt tal bustadar og andre bygg i LNF-område i ulike delar av kommunen.

Ved tildeling av løyve til utbygging innanfor LNF-område, har Bømlo kommune ført ein praksis der dei første som har søkt om rett til oppføring av bygg har fått løyve til dette (gitt at søknad tilfredsstillar krava i plan- og bygningslova og kommunalt planverk). Dei tildelte løyva har fortløpande blitt trekt frå det definerte talar bustadar som kan byggast innanfor LNF-område i ein gitt sone/krins av kommunen. Dersom det i ein gitt sone/krins til dømes er opna for bygging av fire bustadar innanfor LNF-området, vil dei fire første som får godkjent søknad om dette, få tildelt løyve. Søkjar nummer 5, vil derimot ikkje få tildelt løyve, sjølv om søknaden tilfredsstillar krav i regelverk og kommunalt planverk.

I sin praksis for vurdering og godkjenning av løyve til utbygging i LNF-område, skil ikkje kommunen mellom frådeling av tomt og oppføring av bygg når den tel opp kor mange løyve som har blitt gitt. Søkjarar som har fått løyve til frådeling av tomt meint nytta til bygging av bustad, blir også telt som ein del av talet bustadar det blir gitt løyve til oppføring av. Dette for å sikre at det for eigedommar som blir skilt ut også blir sikra løyve til å bygge, og for å unngå at søkjarar som har fått skilt ut tomt ikkje skal få lov til å byggje på tomta, fordi det i mellomtida har blitt gjeve byggeløyve til andre. Dette inneber samstundes at så snart det er gjeve løyve til frådeling av tomt til det talet søkjarar arealplanen sine føresegn definerer, vil det ikkje blitt tildelt fleire løyve til bygging utover dette.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte AS gjennomfører ei undersøking slik det kjem fram ovanfor
2. Kontrollutvalet aksepter ein kostnad på inntil 50 timer. Utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å vurdere vidare prosess om Deloitte AS treng meir tid på oppdraget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at undersøkinga skal vere ferdig innan 01.09.2024 slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i møte 19.09.2024

Sekretariatet har motteke rapport etter undersøkinga 06.11.2024 og denne er vedlagt saka

Føremål

Føremålet med prosjektet vil vere å gjennomgå og vurdere Bømlo kommune sin tellepraksis for delingssaker i LNF-område.

Problemstillingar:

1. Er gjeldande tellepraksis i samsvar med:
 - a. gjeldande kommunalt planverk?
 - b. gjeldande regelverk?

Avgrensing

Undersøkinga har vore avgrensa til ei vurdering av om den praksisen kommunen har etablert for å telle ned på den definerte kvoten for tal byggeløye som er tillate innanfor dei ulike områda i kommunen som er kategorisert som LNFR spreidd bustadbygging, er i samsvar med gjeldande kommunalt planverk og regelverk på området.

Undersøkinga har ikkje omfatta gjennomgang og vurdering av om den etablerte praksisen er hensiktsmessig innretta, eller om enkeltsaker har blitt handtert riktig ut frå gjeldande plan og regelverk.

Metode

Oppdraget er gjennomført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM). Det er gjennomført som dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar.

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet mai 2024 til september 2024.

Vurderingskriterium

Vurderingskriteria er dei krav og forventningar som den undersøkte eininga blir vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I denne undersøkinga har følgjande kjelder blitt lagt til grunn for utarbeiding av vurderingskriterium:

- Plan- og bygningslova med forskrift og forarbeid
- Kommuneplan for Bømlo kommune inkl. kommuneplanen sin arealdel med plankart, føresegn og retningsliner, planomtale mv.
- Brev og uttaler frå Statsforvaltaren knytt til handsaming av relevante type saker.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre slike undersøkingar. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Hovudmomenta som har kome fram i undersøkinga og Deloitte si vurdering av teljepraksisen:

Det er Deloitte si vurdering at teljepraksisen Bømlo kommune har etablert, ikkje er i samsvar med gjeldande kommunalt planverk eller gjeldande regelverk. Deloitte meiner at Bømlo kommune ved nedteljing på løyvekvoten, er nøydd å telje både løyve til frådelt tomt og løyve til bygging av bustad.

Etter Deloitte si vurdering er denne tolkinga av den aktuelle av den aktuelle føresegna til kommuneplanen sin arealdel som opnar for bustadbygging i LNFR-område, den som i størst grad:

- Samsvarer med ordlyden i føresegna,
- Sikrar at det ikkje skjer brott på plan- og bygningslova og kommunalt planverk
- Ivaretek omsynet bak LNFR-reguleringar, og
- For øvrig samsvarer med definerte utbyggingsføremål i kommuneplanen.

Deloitte meiner også at ulempene med denne tolkinga er dei som er minst kritiske. Sjølv om det som utgangspunkt er positivt å legge til grunn ein praksis som er til gunst for innbyggjarane, veg dette etter Deloitte si vurdering ikkje opp for at føremålet med LNRF-reglene blir sett til side og at kommunen sine løyve potensielt vil vere i strid med gjeldande regelverk og kommunalt planverk.

Bakgrunnen for Deloitte si vurdering av at ein ved nedteljing på kvoten også må telje med løyve til frådelling av tomt, er og at det er ein føresetnad at tomta skal byggjast på. Sånn sett kan ein sjå på frådelingsløyvet som eit fryst byggeløyve, som blir utløyst/materialisert når det faktisk blir bygd på eigedommen. Med denne forståinga lagt til grunn, betyr det at det etter frådelling og bygging er brukt eit (1) løyve på kvoten til å bygge ei (1) buening.

Deloitte si vurdering gjeldande om kommunen sin praksis er i samsvar med gjeldande kommunalt planverk (a) og gjeldande regelverk (b) er slik:

På bakgrunn av dette meiner Deloitte det kan stillast spørsmål ved om teljepraksisen til Bømlo kommune er innretta på ein måte som støtter opp om intensjonen bak dei ulike arealformåla i plan- og bygningslova §11-7, under dette at LNFR spreidd bustad-område faktisk blir nytta til reell spreidd utbygging. Deloitte merkar seg og at statsforvaltaren i uttale til ny arealdel i kommuneplan for Bømlo kommune har problematisert om det faktisk er behov for det samla arealet som er definert i LNFR spreidd bustad, og at statsforvaltaren meiner dette må gåast gjennom på nytt.

Når det gjeld sjølve teljepraksisen, er det Deloitte si vurdering at denne ikkje er i samsvar med kommunalt planverk eller gjeldande regelverk. Deoitte meiner at Bømlo kommune ved nedteljing på løyvekvoten, er nøydd å telje både løyve til frådelling av tomt, og løyve til bygging av bustad, jf. også tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Vestland.

Deloitte si samla vurdering, er at det den innskrenkande tolkning skildra over – der både løyve til frådelling og løyve til bygging tell med på løyvekvota for bustadsbygging i LNFR spreidd bustad-område som plankartet opnar for – er den tolkinga av føresegna i § 7.1.1 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel som i størst grad samsvarer med ordlyden, og sikrar at det ikkje skjer brott på plan- og bygningslova og kommunalt planverk, ivaretek omsynet bak LNFR reguleringar, og for øvrig samsvarer med definerte utbyggingsføremål i kommuneplanen.

Blant anna kjem det fram slik informasjonen frå kommunedirektør si uttale til rapporten:

«Rapporten synleggjer at Bømlo kommune har etablert ein praksis som ikkje tek i vare LNFR kategorien godt nok. Vurderingane som går fram av rapporten viser problemstillingane me har sett og vurdert undervegs. Revisjonen viser at me må telje løyver til både bygging og oppretting av eigedomar.

I etterkant av revisjonsarbeidet vil difor kommunen følgje tilrådinga som kjem fram av rapporten for å betra omsynet bak arealformåla LNFR-spreidd.

Bømlo kommune takker for den grundige gjennomgangen av teljepraksisen vår. Arbeidet med å få på plass skriftlege rutinar som samsvarer med Deloitte si vurdering er i gong, og rapporten vil bli eit godt verktøy ved utarbeiding av føresegner til arealdelen i ny kommuneplan.»

Konklusjon

Deloitte AS og Bømlo kommune synest vera omforeint om korleis teljepraksis bør vera i framtida. Kommunen vil innarbeida dette ved utarbeiding av føresegner til arealdelen i ny kommuneplan. Då vil truleg rett teljepraksis i framtida bli sikra. Kontrollutvalet kan anten forutsetta at dette kjem på plass i det pågåande kommuneplanarbeidet og seia seg ferdig med saka frå utvalet si side eller tilrå å bli oppdatert om status om ei viss tid, td. til siste møte før sommaren 2025. Sekretariatet tilrår det siste.



Undersøking | Bømlo kommune

Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustad-
område

November 2024

«Undersøking av Teljepraksis i delings-
og byggesaker i LNFR spreidd bustad-
område»

November 2024

Rapporten er utarbeidd for Bømlo
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ei undersøking av teljepraksis i delings- og byggesaker i område kategorisert som LNFR¹ spreidd bustadbygging i Bømlo kommune. Undersøkinga blei bestilt av kontrollutvalet i Bømlo kommune i sak PS 17/24, 02.05.2024.

Føremålet med prosjektet har vore å gjennomgå og vurdere om Bømlo kommune sin teljepraksis for delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustad-område er i samsvar med kommunalt planverk og gjeldande regelverk. Undersøkinga er basert på analyse av sentrale plandokument med tilhøyrande føresegner, rutinar og retningslinjer for bruk av gjeldande teljepraksis, statistikk knytt til handsaming av søknadar om byggeløyve i LNFR spreidd bustadbygging-område mv. Det er også gjennomført intervju med sentrale personar i Bømlo kommune som har kjennskap til og er involvert i bruk av den aktuelle teljepraksisen.

Under er hovudmomenta som har kome fram i undersøkinga, samt Deloitte si vurdering av teljepraksisen, summert opp.

Tilrettelegging for bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område i Bømlo kommune

I samsvar med plan- og bygningslova sine føresegner, har Bømlo kommune i kommuneplanen sin arealdel opna for å tillate spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebygging i LNFR-område gjennom handsaming av enkeltvis søknadar eller reguleringsplanar. Slik lova krev, har kommunen utarbeidd eigne føresegner for korleis kommunen skal forholde seg til tildeling av løyve til bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område. Av desse føresegnene går det fram at det i område klassifisert som LNFR spreidd bustadbygging kan byggjast det tal bueiningar som er oppgitt i kommunen sitt plankart (og som er eit av dokumenta som inngår i kommuneplanen sin arealdel).

Plankartet det er vist til i den aktuelle føresegna, viser heile Bømlo kommune og kva arealformål ulike område i kommunen er regulert til. For alle områda som er markert som LNFR spreidd bustad-område, er det angitt eit tal på kartet, som viser kor mange bueiningar det er vedteke at kan byggast i det aktuelle området. Til dømes er det i eit slik LNFR spreidd bustad-område på Hiskjo angitt at det kan byggast fire bueiningar, mens det i eit tilsvarende område på Spissøy er angitt at det kan byggast seks bueiningar. Føresegna har altså som intensjon å tydeleggjere kor mange bustadar som kan byggjast i dei ulike områda som er definert som LNFR spreidd bustad i den perioden planen dekkjer, ut frå den angitte kvoten for kvart område slik denne framgår av plankartet.

Bakgrunn for, innretning og bruk av teljepraksisen

Innanfor kvart enkelt område som er definert som LNFR spreidd bustad-område, vil det typisk vere tilstrekkeleg areal tilgjengeleg til å frådele fleire tomter som er store nok til å bygge bustad på, enn det talet bustadar plankartet faktisk opnar for at kan byggast. Dette inneber at det i teorien er mogleg å gi løyve til frådeling av fleire tomter enn det er opna for bygging av bustad på, men at det ikkje vil vere mogleg å gi løyve til bygging av bustad på alle desse tomtene dersom bustadkvoten i det aktuelle området allereie er brukt opp.

I undersøkinga blir det opplyst at det i etterkant av at gjeldande kommuneplan med føresegn blei vedteke av kommunestyret i mars 2013, blei oppdaga at verken planen eller føresegnene til denne hadde teke høgde for ein mogleg situasjon der innbyggjarar kunne få frådelt tomt, men likevel ikkje få løyve til bygging av bustad. Kommunen så derfor eit behov for å definere ein praksis for korleis ein skulle telje ned på kvoten for løyve til bygging av bustad i LNFR spreidd bustad-område, som ikkje var til ulempe for innbyggjarane, og som ikkje hindra innbyggjarar som hadde fått frådelt tomt i dei aktuelle områda frå faktisk å få bygge på desse tomtene.

Teljepraksisen kommunen kom fram til 2013, er dermed innretta slik at det er oppretting av ny bustadtomt, samt bygging av ny bustad på landsbrukseigedom, som tel ned på den kvoten med bustadar det er opna for i plankart at kan byggast innanfor kvart enkelt LNFR spreidd bustad-område. Bygging av bustad på eksisterande frådelt tomt i planperioden tel derimot ikkje ned på den same kvoten.

Undersøkinga viser at teljepraksisen systematisk har vore lagt til grunn i samband med handsaming av søknadar om frådeling av tomt og bygging av bustad i LNFR spreidd bustad-område i gjeldande planperiode. Dokumentasjonen viser at det er handsama i underkant av 100 delings- og/eller byggesaker² i LNFR spreidd bustad-område i planperioden frå 2013 til dags dato. Av desse om lag 100 sakene, har Deloitte identifisert eitt tilfelle der det *ikkje* har blitt gitt løyve til

¹ Landbruks-, natur- og friluftsområde, samt reindrift.

² Talet utgjer ikkje unike «saker», i den forstand at fleire av delings- og byggesakene er knytt til same gårds- og bruksnummer, dvs. at sakene knyt seg til frådeling av tomt og bygging av bustad på den same tomta.

frådeling av tomt (og dermed løyve til bygging) på grunn av at løyvekvoten var brukt opp. I tillegg er Deloitte kjent med at innbyggjar i minst eit tilfelle har blitt frårådd å søkje løyve om frådeling av tomt, fordi kvoten i aktuelt område var brukt opp.

Tilbakemeldingar frå statsforvaltar på etablert teljepraksis

Bømlo kommune har ved fleire høve motteke tilbakemeldingar frå statsforvaltaren som indikerer at den etablerte teljepraksisen ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk og intensjonen bak regulering av bygging i LNFR-område. Tilbakemeldingane har kome i tilknytning til saker som gjeld omgjerung av vedtak og klage på vedtak, samt i tilknytning til høyring av forslag til ny kommuneplanen sin arealdel. Bømlo kommune har ikkje dokumentert at kommunen sjølv har gjennomført juridiske vurderingar av om den aktuelle teljepraksisen er i samsvar med gjeldande regelverk. Undersøkinga viser imidlertid at kommunen i forlenginga av ei av dei mottekne tilbakemeldingane frå statsforvaltaren i 2022, har forsøkt å få ei endeleg avklaring frå statsforvaltaren av om praksisen kommunen har hatt sidan 2013, er i samsvar med regelverk eller ikkje, utan at kommunen har motteke slik noko slik avklaring.

Deloitte si vurdering av den etablerte teljepraksisen i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustad-område

Det er Deloitte si vurdering at teljepraksisen Bømlo kommune har etablert, ikkje er i samsvar med gjeldande kommunalt planverk eller gjeldande regelverk. Deloitte meiner at Bømlo kommune ved nedteljing på løyvekvoten, er nøydd å telje både løyve til frådeling av tomt, og løyve til bygging av bustad.

Etter Deloitte si vurdering er denne tolkninga av den aktuelle føresegna til kommuneplanen sin arealdel som opnar for bustadbygging i LNFR-område, den som i størst grad:

- samsvarer med ordlyden i føresegna,
- sikrar at det ikkje skjer brott på plan- og bygningslova og kommunalt planverk,
- ivaretek omsynet bak LNFR-reguleringar, og
- for øvrig samsvarer med definerte utbyggingsføremål i kommuneplanen.

Deloitte meiner også at ulempene med denne tolkninga er dei som er minst kritiske. Sjølv om det som utgangspunkt er positivt å legge til grunn ein praksis som er til gunst for innbyggjarane (slik Bømlo kommune sin eksisterande teljepraksis er innretta), veg dette etter Deloitte si vurdering ikkje opp for at føremålet med LNFR-reglene blir sett til side og at kommunen sine løyve potensielt vil vere i strid med gjeldande regelverk og kommunalt planverk.

Deloitte vil understreke at tildeling av løyve til først frådeling og deretter bygging på same bruksnummer (bnr) innanfor same planperiode, berre skal teljast som ei (1) eining av løyvekvota i eit gitt område. Dette jf. ordlyden i føresegna om bygging av bueiningar. Bakgrunnen for Deloitte si vurdering av at ein ved nedteljing på kvoten også må telje med løyve til frådeling av tomt, er og at det er ein føresetnad at tomta skal byggjast på. Sånn sett kan ein sjå på frådelingsløyvet som eit fryst byggeløyve, som blir utløyst/materialisert når det faktisk blir bygd på eigedommen. Med denne forståinga lagt til grunn, betyr det at det etter frådeling og bygging er brukt eitt (1) løyve på kvoten til å bygge ei (1) bueining

Dei juridiske vurderingane og betenkningane som ligg til grunn for Deloitte si vurdering av teljepraksisen, er gjort greie for i detalj i kapittel 2.4 i rapporten.

Innhald

1	Innleiing	7
2	Gjennomgang og vurdering av etablert teljepraksis	9
	Vedlegg 1 Høyringsuttale	17
	Vedlegg 2 Sentrale dokument og litteratur	19

Detaljert innhald

1	Innleiing	7
1.1	Bakgrunn	7
1.2	Føremål og problemstillingar	7
1.3	Avgrensing	7
1.4	Metode	7
1.4.1	Dokumentanalyse	7
1.4.2	Intervju	7
1.4.3	Verifiseringsprosessar	7
1.5	Vurderingskriterium	8
2	Gjennomgang og vurdering av etablert teljepraksis	9
2.1	Problemstilling	9
2.2	Vurderingskriterium	9
2.3	Datagrunnlag	10
2.3.1	Bakgrunn for iverksetting av teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR-område	10
2.3.2	Om den etablerte teljepraksisen	10
2.3.3	Bruk av teljepraksis i sakshandsaming av delings- og byggesaker	10
2.3.4	Interne og eksterne vurderingar av Bømlo kommune sin teljepraksis	11
2.4	Deloitte sine vurderingar	13
	Vedlegg 1 Høyringsuttale	17
	Vedlegg 2 Sentrale dokument og litteratur	19

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ei undersøking av teljepraksis i delings- og byggesaker i område kategorisert som LNFR³ spreidd bustadbygging i Bømlo kommune. Undersøkinga blei bestilt av kontrollutvalet i Bømlo kommune i sak PS 17/24, 02.05.2024.

Bakgrunn for bestillinga er ein førespurnad til kontrollutvalet knytt til dei begrensingar som gjeld for bygging av bustadhus innanfor område som i arealplanen til kommunen er definert som landbruks-, natur- og friluftsområder, samt reindrift (LNFR) der spreidd bustadbygging er tillete, og kommunen sin praksis for tildeling av løyve innanfor desse begrensingane.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å gjennomgå og vurdere Bømlo kommune sin teljepraksis for delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustad-område, med utgangspunkt i følgjande problemstillingar:

1. Er gjeldande teljepraksis i samsvar med:
 - a. gjeldande kommunalt planverk?
 - b. gjeldande regelverk?

1.3 Avgrensing

Undersøkinga har vore avgrensa til ei vurdering av om den praksisen kommunen har etablert for å telle ned på den definerte kvoten for tal byggeløyve som er tillate innanfor dei ulike områda i kommunen som er kategorisert som LNFR spreidd bustadbygging, er i samsvar med gjeldande kommunalt planverk og regelverk på området.

Undersøkinga har ikkje omfatta gjennomgang og vurdering av om den etablerte praksisen er hensiktsmessig innretta, eller om enkeltsaker har blitt handtert riktig ut frå gjeldande plan- og regelverk.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet mai 2024 til september 2024.

1.4.1 Dokumentanalyse

Informasjon fra Bømlo kommune, herunder rutinar, retningslinjer, statistikk knytt til handsaming av søknadar om byggeløyve i LNFR spreidd bustadbygging-område mv. blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot undersøkingskriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju utvalde personar frå Bømlo kommune som er involvert i eller har ansvar for handsaming av byggesaker i kommunen. Dette omfattar kommunalsjef for samfunnsutvikling, avdelingsleiar for arealbruk, samt tre sakshandsamarar. Vi har gjennomført fire intervju med totalt fem personar.

1.4.3 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervju for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til kommunedirektøren for verifisering, og påpekte faktafeil har blitt retta opp i den endelege versjonen. Høyringsutkast av rapporten er sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale er å finne i vedlegg 1.

³ Landbruks-, natur- og friluftsområde, samt reindrift.

1.5 Vurderingskriterium

Vurderingskriteria er dei krav og forventningar som den undersøkte eininga blir vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I denne undersøkinga har følgjande kjelder blitt lagt til grunn for utarbeiding av vurderingskriterium:

- Plan- og bygningslova med forskrift og forarbeid.
- Kommuneplan for Bømlo kommune, inkl. kommuneplanen sin arealdel med plankart, føresegn og retningslinjer, planomtale mv.
- Brev og uttaler frå Statsforvaltaren knytt til handsaming av relevante typer saker.

Kriteria er nærare presentert innleiingsvis i kapittel 2.

2 Gjennomgang og vurdering av etablert teljepraksis

2.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

Er gjeldande tellepraksis i samsvar med:

- gjeldande kommunalt planverk?
- gjeldande regelverk?

2.2 Vurderingskriterium

Krav til arealplanlegging i plan- og bygningslova

I henhold til plan- og bygningslova § 11-1, skal kommunen ha ei samla kommuneplan som omfattar både samfunnsdel (med handlingsdel) og arealdel. Av § 11-5 følgjer det vidare at kommuneplanen sin arealdel skal omfatte heile kommunen, og vise samanhangen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Planen skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatte plankart, føresegner og planskildding der det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, samt overordna planar for arealbruk, er ivareteke. Når det gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde, skal kommuneplanen sin arealdel også angi formål for disponering av desse, under dette med tanke på spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging (jf. § 11-7, nr. 5 b)).

Med utgangspunkt i definert arealføremål for LNFR spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging, kan kommunen i samsvar med plan- og bygningslova § 11-11 nr. 2 (i den utstrekning som er naudsynt), gi føresegner om å tillate spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebygging gjennom handsaming av enkeltvise søknadar eller reguleringsplanar (gitt at føremålet, omfang av bebygging og lokalisering er skildra i kommuneplanen sin arealdel). Etter plan- og bygningslova § 11-6 har arealdelen med tilhøyrande føresegner rettsverknad, og ein kan dermed ikkje bygge eller dele eigedom i strid med planen.

Bømlo kommune sin kommuneplan

Bømlo kommune har ein kommunalplan som har vore gjeldande sidan 2013, og som er bygd opp med ein samfunnsdel og ein arealdel, der arealdelen bygger på samfunnsdelen og dei mål og strategiar som er vedtekne der. Planen omtaler mellom anna dei overordna rammene for lokalisering av bustadbygging i kommunen, under dette at bustadbygging i kommunen som hovudregel skal sentraliserast, at bygginga skal skje i tilknytning til eksisterande infrastruktur, samt at det skal takast omsyn til klimagassutslepp, bevaring av natur og best mogleg ivaretaking av kjerneområde for landbruk.⁴ Til arealdelen har kommunen vidare utarbeidd eigne føresegner, mellom anna for korleis kommunen skal forholde seg til tildeling av løyve til bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område. Av desse føresegnene (§ 7.1.1⁵) går det fram at «i planperioden kan det byggjast det tal bueiningar plankartet opnar for».

Vurderingar og rettleiing frå statsforvaltaren

Plan- og bygningslova § 3-2, fjerde ledd, slår fast at statsforvaltaren skal påsjå at kommunar oppfyller plikta til panelgging etter lova.

I henhold til hovudinstruks for statsforvaltaren frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet⁶, har statsforvaltaren fleire oppgåver knytt til arealforvaltning og samfunnsutvikling. Desse omfattar mellom anna å gi rettleiing om riktig forståing og praktisering av plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, samt også vurdere den juridiske holdbarheita av kommune- og reguleringsplaner (etter behov). Statsforvaltaren har også

⁴ Kommuneplanen sin planomtale, s. 12.

⁵ Bømlo kommune. *Kommuneplan 2013-2025: Arealdelen, føresegner og retningslinjer*, s. 9.

⁶ Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet: Hovedinstruks for statsforvalteren. Gjeldende fra 01.01.2024.

som oppgåve å sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldende lovverk, jf. rollen som klagesakshandsamar i saker som gjeld klager på kommunen sine vedtak etter plan- og bygningslova.

2.3 Datagrunnlag

2.3.1 Bakgrunn for iverksetting av teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR-område

Som det framgår av kapittel 2.2 om vurderingskriterium, har Bømlo kommune ein kommunalplan som har vore gjeldande sidan 2013, og som inneheld både samfunnsdel og arealdel, med tilhøyrande føresegner for arealdelen. Føresegnene som høyrer til arealdelen, omfattar som også nemnt i kapittel 2.2 ei føresegn for bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område, som slår fast at «i planperioden kan det byggjast det tal bueingar plankartet opnar for».

Plankartet det er vist til i føresegna, viser heile Bømlo kommune og kva arealformål ulike område i kommunen er regulert til. For alle områda som er markert som LNFR spreidd bustad-område, er det angitt eit tal på kartet, som viser kor mange bueingar det er vedteke at kan byggast i det aktuelle området. Til dømes er det i eit slik LNFR spreidd bustad-område på Hiskjo angitt at det kan byggast fire bueingar, mens det i eit tilsvarende område på Spissøy er angitt at det kan byggast seks bueingar. Den aktuelle føresegna vist til over, har altså som intensjon å tydeleggjere kor mange bustadar som kan byggjast i dei ulike områda som er definert som LNFR spreidd bustad i den perioden planen dekkjer, ut frå den angitte kvoten for kvart område slik denne framgår av plankartet.

Innanfor kvart enkelt område som er definert som LNFR spreidd bustad-område, vil det typisk vere tilstrekkeleg areal tilgjengeleg til å frådele fleire tomter som er store nok til å bygge bustad på, enn det talet bustadar plankartet faktisk opnar for at kan byggast. Dette inneber at det i teorien er mogleg å gi løyve til frådelling av fleire tomter enn det er opna for bygging av bustad på, men at det ikkje vil vere mogleg å gi løyve til bygging av bustad på alle desse tomtene dersom bustadkvoten i det aktuelle området allereie er brukt opp.

I intervju blir det opplyst at det i etterkant av at gjeldande kommuneplan (med føresegn) blei vedteke av kommunestyret i mars 2013, blei oppdaga at verken planen eller føresegnene til denne hadde teke høgde for ein mogleg situasjon der innbyggjarar kunne få frådelt tomt, men likevel ikkje få løyve til bygging av bustad. Kommunen så derfor eit behov for å definere ein praksis for korleis ein skulle telje ned på kvoten for løyve til bygging av bustad i LNFR spreidd bustad-område, som ikkje var til ulempe for innbyggjarane. Praksisen, som blei etablert same år, er nærare omtalt under.

2.3.2 Om den etablerte teljepraksisen

Teljepraksisen kommunen kom fram til 2013, fungerer slik at det er oppretting av ny bustadtomt, samt bygging av ny bustad på landsbrukseigedom, som tel ned på den kvoten med bustadar det er opna for i plankart at kan byggast innanfor kvart enkelt LNFR spreidd bustad-område. Bygging av bustad på eksisterande frådelt tomt i planperioden tel derimot ikkje ned på den same kvoten.

I intervju blir det gjennomgåande vist til at hovudintensjonen med denne praksisen har vore å forhindre at innbyggjarar som har fått frådelt tomt i dei aktuelle områda, ikkje skulle få løyve til faktisk å bygge på desse tomtene fordi byggeknoten allereie var oppbrukt. Det blir av dei intervjuarar vist til at denne praksisen gir god føreseielegheit for innbyggjarar, ettersom dei kan vere trygge på at dei vil få løyve til å bygge på tomter som er godkjent frådelt (gitt at byggesøknad tilfredsstillar relevante krav i regelverk og kommuneplan ellers). Det blir også vist til at denne praksisen er til økonomisk gunst for innbyggjarane i kommunen, ettersom dei kan unngå unødige gebyrkostnadar knytt til handsaming av frådelsingssaker for tomter det seinare viser seg at det ikkje kan bli gitt løyve til å bygge på.

Det blir i intervju vist til at også den etablerte praksisen vil kunne tenkast å vere til ulempe for innbyggjarane i kommunen, i tilfelle der det blir søkt om deling av tomt i LNFR spreidd bustad-område, men der kvotetalet allereie er brukt opp i form av at det er gitt løyve til deling av tomt eller oppføring av ny bustad på landsbrukseigedom. Dei intervjuarar frå Bømlo kommune viser imidlertid til at dette i liten grad har vore eit problem, og at praksisen i liten grad har vore ein stoppar for at innbyggjarar faktisk skal få løyve til bygging. Kommunen sin bruk av teljepraksis, under dette handtering av situasjonar der innbyggjarar ønskjer å frådele tomt i LNFR spreidd bustad-område der kvoten er brukt opp, er nærare omtalt i neste delkapittel.

2.3.3 Bruk av teljepraksis i sakshandsaming av delings- og byggesaker

Dokumentasjon oversendt frå Bømlo kommune, viser at den omtalte teljepraksisen systematisk har vore lagt til grunn i samband med handsaming av søknadar om frådelling av tomt og bygging av bustad i LNFR spreidd bustad-område i gjeldande planperiode. Dvs. at det er frådelling av tomt, samt bygging av ny bustad på landsbrukseigedom, som har telt ned på bustadkvoten det er opna for i dei ulike LNFR spreidd bustad-områda.

Dokumentasjonen viser at det er handsama i underkant av 100 delings- og/eller byggesaker⁷ i LNFR spreidd bustad-område i planperioden frå 2013 til dags dato. Av desse om lag 100 sakene, har Deloitte identifisert eitt tilfelle der det *ikkje* har blitt gitt løyve til frådelling av tomt (og dermed løyve til bygging) på grunn av at løyvekvoten var brukt opp. I tillegg er Deloitte kjent med at innbyggjar i minst eit tilfelle har blitt frårådd å søkje løyve om frådelling av tomt, fordi kvoten i aktuelt område var brukt opp.

I intervju opplyser Bømlo kommune at det i tilfelle der løyvekvoten er brukt opp, ikkje er slik at innbyggjarar står utan moglegheit til å få søknad handama. Det blir vist til at det framleis er mogleg å søkje om dispensasjon frå føresegna i kommuneplanen sin arealdel, og på denne måten få saken sin handsama. Dette er imidlertid ein meir komplisert prosess, med mindre føreseielegheit for innbyggjar med omsyn til resultatet av sakshandsaminga.. Dette ettersom søknadar om dispensasjon til å fråvike frå plan og plankrav som gjeld LNFR-område skal via statsforvaltaren for uttale, og det som hovudregel skal ein del til for at dei formelle vilkåra for å dispensere frå lovfesta plankrav skal vere innfridd. Søknad om dispensasjon inneber også høgare kostnader for den som søker om løyve, i form av sakshandsamingsgebyr.

2.3.4 Interne og eksterne vurderingar av Bømlo kommune sin teljepraksis

Interne vurderingar frå Bømlo kommune av etablert teljepraksis

I undersøkinga kjem det fram at ingen av dei som har blitt intervjuet, er kjent med at det i samband med innføring av teljepraksisen i 2013, blei gjennomført dokumenterte juridiske vurderingar av i kva praksisen var i samsvar med gjeldande regelverk. Det blir vidare vist til at dersom det blei utført slike vurderingar, blei desse i så fall utført av tidlegare tilsette i kommunen, utan at det er funne dokumentasjon på dette.

Undersøkinga visar at Bømlo kommune i 2022 tok initiativ til å få avklart nærare om gjeldande teljepraksis var i samsvar med gjeldande regelverk. Initiativet kom i etterkant av at kommunen mottok eit brev frå Statsforvaltaren i Vestland i tilknytning til ei begjæring frå Bømlo kommune om omgjerung av vedtak frå statsforvaltaren om oppheving av løyve til oppføring av einestad. Brevet inneheldt mellom anna kommentarar til korleis formuleringar tilsvarande den Bømlo kommune har nedfelt i føresegna for bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område (og som slår fast at «i planperioden kan det byggjast det tal bueiningar plankartet opnar for»), skal fortolkast og praktiserast. Detaljane i dette brevet er nærare omtalt under neste overskrift.

E-postkorrespondansen mellom Bømlo kommune og Statsforvaltaren i Vestland i tilknytning til dette, viser at kommunen ved gjentatte høve har forsøkt å få svar frå Statsforvaltaren med omsyn til om teljepraksisen er i samsvar med regelverket eller om den må endrast. Deloitte kan ikkje sjå at førespurnadane frå Bømlo kommune har blitt besvart av Statsforvaltaren.

Vurderingar frå statsforvaltaren av kommunen sin teljepraksis

Bømlo kommune har ved fleire ulike høve motteke tilbakemeldingar og kommentarar frå statsforvaltaren, som er relevante for forståing av kommunen sin teljepraksis og lovlegheita av denne. Dei ulike tilhøva og tilbakemeldingane frå statsforvaltaren i desse, er gjennomgått under.

➤ *Tilbakemelding i tilknytning til klageavgjerd i byggesak på Hiskjo*

I 2019 mottok Bømlo kommune eit brev frå Fylkesmannen i Rogaland⁸, knytt til handsaming av klage frå Fylkesmannen i Hordaland på kommunen sitt vedtak om å gi dispensasjon frå kommuneplanen og løyve til å dela frå bustadtomt i ein byggesak på Hiskjo. Saka gjeld ein dispensasjon frå kommuneplanen si føresegn om tilletne bueiningar i eit område avsett til LNFR spreidd bustad. Bakgrunn for at det blei søkt om og gjeve dispensasjon, var at kommunen i det aktuelle området allereie hadde frådelt eit tal tomter tilsvarande kvotetalet for bueiningar i det aktuelle området.

I vedtaket skriv Fylkesmannen i Rogaland mellom anna følgjande om saka:

«Eigedommen ligg i eit ikkje regulert område som er vist med landbrus- natur- og friluftsføremål med spreidd bustadbygging (LNFR-føremål spreidd) i kommuneplanen sin arealdel. Det kan byggast fire bueiningar i det aktuelle området i planperioden. Det er allereie delt frå fire tomter slik at kvoten i planen er nytta fullt ut. Det er bygt på to av tomtene. Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen. Tiltaket ligg i 100-metersbeltet mot sjøen og krev dispensasjon frå forbodet mot tiltak i strandsona i pbl. § 1-8 annet ledd.»

⁷ Talet utgjer ikkje unike «saker», i den forstand at fleire av delings- og byggesakene er knytt til same gårds- og bruksnummer, dvs. at sakene knyt seg til frådelling av tomt og bygging av bustad på den same tomta.

⁸ Oppnemnt som settefylkesmann av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Vidare i brevet gjer Fylkesmannen greie for vilkåra for dispensasjon, og poengterer at ettersom kommuneplanen er vedteken av kommunestyret etter ein omfattande prosess der mange ulike omsyn og interesser har vore vurdert, skal det ikke vere ein kurant sak å få dispensasjon frå denne. Fylkesmannen viser og til at det normalt ikkje skal gis dispensasjon når omsyna bak føresegnene det er søkt dispensasjon frå, framleis «gjer seg gjeldande med styrke». I forlenginga av dette peiker Fylkesmannen på at LNFR-føremålet skal ta i vare landbruks- natur- og friluftsiinteressene og det skal ikkje etablerast tiltak i slike område som ikkje støtter slike interesser. Det blir vist til at omsynet til landbruks-, natur- og friluftsiinteressene også gjeld i område for LNFR-føremål med spreidd bustadbygging, og at det derfor er uheldig om deler av slike område endrar karakter og i større grad framstår som bustadområde, noko Fylkesmannen meiner kommunen si tilnærming og praksis legg opp til.

Fylkesmannen viser vidare til at det talar mot dispensasjon at det ikkje er bygd på alle dei fire tomtene som er delt frå innanfor kvoten i det aktuelle området, og at vurdering av ein eventuell dispensasjon for frådelling av fleire tomter bør vente til alle dei fire tomtene er utnytta. Fylkesmannen ser argumenta frå tiltakshavar og Bømlo kommune knytt til at det er positivt med nyetablering på Hiskjo, mellom anna for å oppretthalde lokalsamfunnet og sikre at lokale unge som ønsker det, får busette seg i området, men peiker på at dette ikkje er ein tilstrekkeleg samfunnsmessig fordel som tilseier at det bør bli gitt dispensasjon frå kommuneplanen.

Fylkesmannen konkluderer samla med at dispensasjon og samtykke til å dele frå den ønska tomte set omsyna bak LNFR-føremålet vesentleg til side, og Fylkesmannen legg til grunn at fordelane ved dispensasjon ikkje er større enn ulempene. Vilka for dispensasjon er dermed vurdert å ikkje vere oppfylt. Fylkesmannen gjer derfor om kommunen sitt vedtak, og avslår søknaden om dispensasjon til frådelling av tomt utover kvotetalet i kommunen sin arealplan.

➤ **Tilbakemelding i tilknytning til sak om einebustad på Meling**

Bømlo kommune mottok i 2022 eit brev frå Statsforvaltaren i Vestland i tilknytning til ei begjæring frå Bømlo kommune om omgjerung av vedtak frå statsforvaltaren. Statsforvaltaren sitt vedtak gjaldt oppheving av løyve til oppføring av ein einebustad på Meling som kommunen hadde innvilga. Opphevinga blei av Statsforvaltaren grunngeve med at det ikkje var søkt om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande føresegn, slik Statsforvaltaren meinte burde ha vore gjort. Den aktuelle føresegna Statsforvaltaren meiner det skulle vore søkt om dispensasjon frå, er knytt til krav om detaljregulering. Føresegna har ein ordlyd som er svært lik føresegna som gjeld oppføring av bustad i LNFR spreidd bustad-område: «I eksisterande bustadområde kan det først opp inntil 4 bueiningar som fortetting utan krav om reguleringsplan.» Kommunen har også etablert ein tilsvarande teljepraksis for denne føresegna, som for bygging av bustad i LNFR spreidd bustad-område, dvs. at det er ny frådelling av tomt som tel ned på byggekquota, og ikkje oppføring av bustad på allereie frådelt tomt.

I brevet går det fram at Bømlo kommune har bedt Statsforvaltaren om å gjøere ei ny vurdering av ordlyden i føresegna og behovet for å søke om dispensasjon frå dette, der det også blir teke omsyn til den tolkninga og teljepraksisen kommunen har lagt til grunn sidan 2013. I tilknytning til dette skriv Statsforvaltaren:

«Utgangspunktet for plantolkning er i hovedsak det samme som ved lovtolkning. Ved tolkingen må man ta utgangspunkt i det som er den naturlige forståelsen av ordlyden i en planbestemmelse, jf. RG. 2004 s. 762 (Agder lagmannsrett). Det følger av rettskildene at det skal mye til for å fravike den forståelsen som naturlig følger av ordlyden. Det kan likevel være rom for å fravike ordlyden, eksempelvis der planbestemmelsen er uklar, og dersom kommunens praktisering av planbestemmelsen er langvarig, konsekvent og alminnelig kjent i kommunen jf. SOM-2012-956.»

Vidare skriv Statsforvaltaren følgjande om Bømlo kommune sin teljepraksis og kommunen si oppfatning av denne:

«Bømlo kommune opplyser for det første at de hele tiden har ment at fradeling av nye boligtomter er å anse som en forberedelse til bygging av bolig. Til støtte for dette vises det til O.J. Pedersen mfl. 2. utgave s. 361. Avsnittet som kommunen viser til, slår kun fast at planens rettsvirkninger gjelder ved en deling. En tillatelse til deling medfører derimot ikke noe unntak for påfølgende plankrav for bebyggelsen. Ordlyden i § 3.1.2 retter seg eksplisitt mot oppføring. Deling og bygging er to ulike tiltak og må vurderes hver for seg, med mindre de søkes om samtidig. 3 Kommunal praksis som avviker fra dette kan ikke bli avgjørende.»

Vi står fast ved begrunnelsen i opphevingsvedtaket vårt om at ordlyden ikke er uklar. Vi kan ikke se at ordlyden åpner for ulike tolkningsalternativer. Hensynet til forutberegnelighet taler for å tillegge bestemmelsens ordlyd stor vekt.»

I brevet problematiserer kommunen også at Statsforvaltaren si tolkning vil kunne få stor betydning for både kommande søknadar og søknadar som allereie er godkjent. Statsforvaltaren framheld imidlertid at dette ikkje er relevant for forståing av sjølve plankravet (dvs. føresegna), men at det kan ha betydning dersom det blir søkt om dispensasjon.

➤ **Tilbakemelding i tilknytning til arbeid med ny kommuneplan**

Som det framgår av kapittel 2.3.1, er Bømlo kommune sin kommuneplan frå 2013. Deloitte får opplyst at kommunen arbeider med ny kommuneplan, og at denne er planlagt lagt fram for kommunestyret for handsaming i 2025.

I samband med arbeidet med ny kommuneplan, blei ny arealdel av kommuneplanen sendt til høyring i januar 2024. I tilknytning til høyringa, blei det gjennomført eit dialogmøte den 24. mai 2024 mellom Statsforvaltaren, Fiskeridirektoratet, NVE, Forsvarsbygg, Kystverket og Bømlo kommune. I etterkant av møtet sendte Statsforvaltaren over ei samordna uttale til forslaget til kommuneplanen sin arealdel.

Den samordna uttalen inneheld fleire moment knytt til LNFR spreidd bustad-område, inkludert når det gjeld praksis for teljing av einingar det blir gjeve løyve til oppføring av. I uttalen skriv Statsforvaltaren følgjande om praksis for teljing av einingar:

«Tal einingar skal reknast i høve bygging og ikkje frådelt tomter. Dette har vi i planforum gitt tilbakemelding på at ikkje er rett måte å rekne på. Frådelt tomter må også reknast inn når søknad om frådelling kjem. Vi har forståing for at kvoten i fleire tilfelle vert full ved søknadar om frådelling utan at det kjem søknad om bygging, men det er likevel ikkje råd å telje på denne måten.»

I tillegg skriv Statsforvaltaren følgjande om disponering av areal til LNFR spreidd bustad-område:

«Eksisterande 81 LNFR-spreidd-område er vidareført i forslag til ny arealdel. Dette opnar åleine for om lag 200 nye einingar fordel på ca. 100 ulike areal. I nytt planforslag er det i tillegg teke inn 15 nye felt med ei samla kvote på 10 nye einingar. Kommunen har opplyst om at det om lag vert søkt om 2-3 bustader i året i LNFR-spreidd-områda. Igjen peikar vi på det faktiske behovet kommunen har i planperioden for desse bustadene, og at areala må gjennomgåast. At eksisterande LNFR-spreidd område er justert og tilpassa for utbygd situasjon har vi ikkje andre merknader til anna enn at LNFRspreidd-område skal vere reelt spreidd utbygde, elles er bustad rett føremål.»

I intervju opplyser kommunalsjef for samfunnsutvikling og avdelingsleiar for arealbruk at Bømlo kommune fram til våren 2024, då kommunen mottok det ovenstående avsnittet som ein del av uttalen frå Statsforvaltaren til høyringsutkast til ny arealdel i kommuneplanen, ikkje har oppfatta at det verken frå Statsforvaltar eller politisk hald har blitt signalisert at den aktuelle teljepraksisen for å telje ned på løyvekvota for bygging av bustad i LNFR spreidd bustad-område, er feil. Det blir også vist til at kommunen i 2022 forsøkte å få avklaring frå statsforvaltaren knytt til teljepraksisen (som skildra i starten av dette kapittelet), utan at kommunen har fått svar på sine førespurnadar. Det blir vidare vist til at politikerane ved fleire høve har blitt orientert om kommunen sin teljepraksis, bakgrunnen for denne, korleis den fungerer i praksis mv. Dette gjennom to orienteringar til kommunestyret, og fleire orienteringar i Utval for areal og samferdsle. Det har i samband med desse orienteringane ikkje blitt fatta politisk vedtak om å gjere endringar knytt til teljepraksis i inneverande kommuneplanperiode.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling opplyser i intervju at kommunen arbeider for å sikre at beste praksis i rettleiarar frå Kommunal- og distriktsdepartementet knytt til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel og rettleiar som gjeld planlegging for spredt bustadbygging i LNFR-område blir lagt til grunn i ny kommuneplan, samt legg opp til at teljepraksis blir justert i henhold til innspel frå mai 2024 frå Statsforvaltaren når arealdel med føresegn i ny kommuneplan skal vedtas.

2.4 Deloitte sine vurderingar

Bømlo kommune sin teljepraksis fungerer slik at det er oppretting av ny bustadtomt, samt bygging av ny bustad på landsbrukseigedom, som tel ned på den kvoten med bustadar det er opna for i plankart at kan byggast innanfor kvart enkelt LNFR spreidd bustad-område. Bygging av bustad på eksisterande frådelt tomt i planperioden tel derimot ikkje ned på den same kvoten.

Som det framgår i kapittel 2.3.2, har intensjonen med Bømlo kommune sin etablerte teljepraksis knytt til bygging i LNFR spreidd bustad-område, vore å sikre at flest mogleg av innbyggjarane som har fått frådelt bustadtomt, også

skal få bygge på tomta. Dette handlar, slik Deloitte forstår det, både om å sikre føreseielegheit for innbyggjarar med omsyn til bygging på tomter som er frådelt, og om å leggje til rette for utvikling og vekst, ved å gjere det mogleg å bygge bustad på attraktive stadar i kommunen.

Deloitte vil peike på at hovudformålet med at areal er definert til landbruks-, natur- og friluftsmål, generelt handlar om å sikre at desse areala i det vesentlige skal vere ubebygde. I forarbeida til plan- og bygningslova (Ot.prp. nr. 32 (2007-2008)), blir det vist til at bruk av § 11-11 nr. 5, bokstav b), som gjeld regulering av areal til mellom anna spreidd bustadbygging, berre skal nyttast for *reell* spreidd utbygging i LNFR-område. Dersom kommunen har ønske om å avgrense eit område der det i reguleringsplan skal leggjast til rette for større utbygging (f.eks. bustadbygging) innanfor eit område som ellers er prega av landbruk, skal dette visast som formål nr. 1 i § 11-11; (Områder for bebyggelse og anlegg).

På bakgrunn av dette meiner Deloitte det kan stillast spørsmål ved om teljepraksisen til Bømlo kommune er innretta på ein måte som støtter opp om intensjonen bak dei ulike arealformåla i plan- og bygningslova § 11-7, under dette at LNFR spreidd bustad-område faktisk blir nytta til reell spreidd utbygging. Deloitte merkar seg også at statsforvaltaren i uttale til ny arealdel i kommuneplan for Bømlo kommune har problematisert om det faktisk er behov for det samla arealet som er definert til LNFR spreidd bustad, og at statsforvaltaren meiner dette må gåast gjennom på nytt.

Når det gjeld sjølve teljepraksisen, er det Deloitte si vurdering at denne ikkje er i samsvar med gjeldande kommunalt planverk eller gjeldande regelverk. Deloitte meiner at Bømlo kommune ved nedteljing på løyvekvoten, er nøydd å telje både løyve til frådelling av tomt, og løyve til bygging av bustad, jf. også tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Vestland.

Denne vurderinga baserer vi på følgjande resonnement:

Ordlyden i føresegna som høyrer til kommuneplanen sin arealdel, er etter Deloitte si vurdering tydeleg. Det blir her vist til kor mange «bueiningar» som skal kunne «byggjast» innanfor det gitte området i «planperioden». Som det framgår av brev til Bømlo kommune frå Statsforvaltaren i 2022, skal det ved fortolkning av ordlyden i planføresegnene mykje til for at denne skal kunne fråvikast, men at det kan vere rom for det dersom føresegna er uklår og tolkningspraksisen har vore langvarig, konsekvent og alminnelig kjent i kommunen. Etter Deloitte si vurdering er det ikkje uklart i den aktuelle føresegna at det er tal bueiningar det er snakk om, og ikkje tal frådelte tomter. Dette blir også understøtta av dei ulike uttalene frå Statsforvaltaren, der det blir peikt direkte på eller indikert at det ved praktisering av føresegna er faktisk oppføring av bueiningar som skal leggjast til grunn for å telle ned på løyvekvoten i det enkelte LNFR spreidd bustad-område. At den aktuelle praksisen har vore konsekvent og langvarig, samt synest å vere alminnelig kjent i kommunen, blir etter Deloitte si vurdering derfor underordna, ettersom praksisen ikkje reflekterer det konkrete innhaldet i den aktuelle føresegna. Etter ordlyden i føresegna, bør det etter Deloitte si vurdering altså vere talet byggeløyve som blir utstedt i planperioden som er avgjerande for når løyvekvota blir rekna som brukt opp, uavhengig av når tomt er frådelt.

Det oppstår likevel ei utfordring i det at føresegna er relevant ved tildeling av løyve til både frådelling og bygging, samtidig som det ikkje er ein automatikk mellom desse to løyva, og at det ofte går lang tid mellom at kvar av desse løyve blir gitt. Praktisk sett vil det truleg ikkje vere mogleg å telje berre byggeløyve, og resultatet blir derfor at også frådelingsløyve må inngå i kvota for å hindre uheldig verknadar. Ved vurdering av ulike tolkningsalternativ av den aktuelle føresegna, må det søkast eit alternativ som ikkje krenker det grunnleggande føremålet med LNFR-reguleringa eller inneber at kommunen sine løyve strid mot lov/plan.

Det kan stillast spørsmål ved kva som var føremålet med planføresegna når den blei vedteke, altså om hensikten var å regulere etablering av nye bygg (byggeløyve) i planperioden uavhengig av tidspunkt for frådelling, eller om ein har meint at dei frådelingar som allereie er godkjent før planperioden i prinsippet også er godkjent bebygd før planperioden, slik at talet oppgitt i nytt plankart er tilpassa dette og skal regulere nye frådelingar/byggeløyve. Ettersom dette førehaldet ikkje er omtalt noko annan plass i planskildringane, meiner Deloitte at det er ordlyden «byggjast» som må vere førande, noko som tilseier at det er talet på byggeløyve som er vesentleg for tolkning av føresegna, uavhengig av når frådelingsløyve har blitt gitt. Dette som følgje av at søknad om frådelling og byggeløyve er to sjølvstendige prosessar som begge må vere i tråd med plan, sjølv om bruksføremålet i plan i normaltillfelle hovudsakleg blir vurdert på det tidspunktet der frådelling blir gjennomført. Dersom ønsket med føresegna hadde vore å angi at ei rekkje frådelte eigedommar allereie var godkjent til utbygging, kunne slike område istaden vore regulert til bustadføremål ved vedtak av kommuneplanen (jf. Deloitte si vurdering over).

På generelt grunnlag bør ein forsøke å gjere ei tolkning av føresegna som verken fungerer «innskrenkande» (færre bueiningar enn oppgitt tal) og til ulempe for innbyggjarane, eller «utvidande» (fleire bueiningar enn oppgitt tal)

som vil vere i strid med føremålet bak føresegna, kommunestyret sitt vedtak, og til ulempe for andre interesser (jf. plan- og bygningslova sin klassifisering av LNFR-område).

Den mest bokstavlege tolkninga av planføresegna vil innebere at det er talet på faktiske oppførte bueiningar i planperioden som er avgjerande for når løyvekvota blir rekna som brukt opp. Dette ville i så fall innebere at berre er eigedommar som mottok byggeløyve som vil inngå i teljinga. Kommunen vil då unngå situasjonar der kvoten er brukt opp gjennom teljing av frådelingar, utan at dei frådelte eigedommane faktisk blir bebygd. Det som taler for ei slik tolkning, er at det rettslege skiljet mellom det å få løyve til frådeling og løyve til bygging, og kor begge tiltak på søknadstidspunktet må vurderast å vere i samsvar med planen. Løyve til frådeling skal ikkje sjåast på som ein automatisk moglegheit til også å få godkjent byggeløyve. Det er likevel ein sentral samanheng mellom desse to tinga, i den forstand at kommunen ikkje kan gi løyve til frådeling dersom dette vil medføre at det oppstår forhold som strid imot plan- og bygningslova eller gjeldande kommunalt planverk slik dette er vedteke av kommunestyret (jf. pbl. § 26-1 og § 11-6 (2)), under dette når det gjeld oppføring av bustad i LNFR spreidd område. Dette inneber at eigdommen som skal delast frå ikkje kan vere i strid med den arealbruken som er fastlagt i planen.

Som følge av at planføresegna er relevant både ved frådeling og søknad om bygging, inneber den ovannemnde tolkninga fleire utfordringar som talar mot å forstå føresegna på ein så bokstavleg måte. Dette underbyggast også av at kommunen ser frådeling av tomt til bustadføremål i LNFR spreidd bustad-område av kommunen som ei førebuing til bygging av bustad. Slike eigedommar er i ein særleg posisjon som følgje av at det gjeld tilleggsreglar for frådeling etter Jordlova, og prosessen er meir omfattande enn frådeling av eigedommar som har andre bruksføremål. Kommunen kan altså i eit slikt tilfelle ha gitt løyve til frådeling til bustadføremål på eit tidspunkt der slik frådeling var i samsvar med kommuneplanen, både før og i planperioden. Dersom det i mellomtida er gitt maksimalt tal byggeløyve, slik at det ikkje gjenstår fleire løyve ved søknad om å få bygge på tidlegare frådelt tomt, vil det oppstå to uheldige forhold:

- Det er gitt løyve til frådeling/allereie frådelt ein eigedom som no er i strid med planføremålet, ettersom talet løyve er brukt opp. Dette inneber ein uheldig og potensielt ulovleg rettsleg situasjon, også for kommunen.
- Situasjonen for tiltakshavar (innbyggjar) er lite føreseieleg, og det representerer ei stor ulempe for tiltakshavar å ha brukt tid og ressursar på å frådele tomt til bustadføremål som det no ikkje kan byggjast på likevel.

Deloitte meiner at den ovannemnde tolkninga representerer såpass problematiske utfordringar for både kommunen og innbyggjarane med omsyn til både etterleving av regel- og planverk, samt sakshandsaming, at ei anna tolkning av den aktuelle planføresegna som ligg til grunn for teljepraksisen må vurderast. Det må då vurderast kva tolkning som ligg tettast på ordlyden i føresegna, og som samstundes i størst mogleg grad oppfyller (ikkje krenkar) føremålet og hensikten som ligg til grunn i relevante føresegner i plan- og bygningslova og kommuneplanen. I praksis vil dette igjen utløyse eit val mellom å tolke føresegna slik at den gir færre (innskrenkande) eller fleire (utvidande) løyve enn det eksakte talet som er oppgitt i kommuneplanen sitt plankart.

Den innskrenkande tolkninga av føresegna vil vere ei streng tolkning, der føremålet er å sikre lovmessigheit i form av at:

- Det ikkje skal byggjast fleire bueiningar i løpet av planperioden enn det som framgår av kartet, og at utsteding av høgare tal byggeløyve enn taler som framgår av plankartet vil vere i strid med kommuneplanen.
- Det ikkje oppstår tilfelle der løyve til frådeling i etterkant vil vere i strid med plan fordi kvoten er brukt opp.

Den innskrenkande tolkninga inneber at det ikkje er av betydning om løyve til frådeling er gitt før eller i planperioden, ettersom samtlege byggeløyve som blir innvilga i planperioden inngår i tellinga. Det som også støtter oppunder denne tolkninga, er at det kan vere ubebygde tomter som ikkje er frådelt i planperioden (og dermed ikkje i perioden har fått indikasjon på at det vil vere i orden å bygge). Det ville synest rart om desse ville falt utanfor teljinga berre fordi dei ikkje også er frådelt under planperioden. Den innskrenkande tolkninga inneber (iht. andre kulepunkt) også at samtlege frådelingsløyve vil telje ned på løyvekvoten oppgitt i plankartet.

Ei slik tolkning vil sikre at verken bygge- eller frådelingsløyve på noko tidspunkt vil vere i strid med planføresegna (og dermed heller ikkje plan- og bygningslova), samstundes som det sikrar føreseielegheit for dei som har fått løyve til frådeling. Føremålet med LNFR-regulering blir også oppretthalde, ved at kvoten ikkje blir overskride.

Tolkninga vil imidlertid også innebere at det vil kunne oppstå tilfelle der det faktisk ikkje blir bygd bustad på dei frådelt tomte, noko som vil kunne vere til ulempe for andre innbyggjarar med ønskje om å bygge.

Den utvidande tolkninga av føresegna vil vere ei mindre streng tolkning, som støttar opp under ein praksis som ikkje er til ulempe for innbyggjarane:

- Der det er innvilga løyve om frådelling i planperioden, vil ein også få løyve til bygging (gitt av søknad innfrir krav i regelverk og plan), utan at dette tel ned på løyvekvoten oppgitt i plankart.
- Frådelingsløyve frå før aktuell kommuneplan blei vedteke skal sikre byggeløyve, og vil samstundes ikkje gi negative utslag for nye søkjarar i planperioden.

Den utvidande tolkninga inneber altså at alle som får innvilga løyve til frådelling av tomt i periode, samt alle som har fått løyve til frådelling før den gjeldande planperioden, skal kunne få løyve til å bygge bustad (så lenge byggesøknad innfrir relevante krav). Tolkninga inneber også at bygging på tomter frådelt før gjeldande plan blei vedteke, ikkje tel ned på kvoten for tal bueiningar som kan byggjast i eit gitt område, jf. plankart.

Tolkninga har den fordelen at den opnar for bygging av bustad for alle innbyggjarar som har fått frådelt tomt, inkludert på tomter frådelt før gjeldande kommuneplan blei vedteke. Samstundes opnar tolkninga for at det reelle talet på bueiningar som kan bli oppført innanfor planperioden vil kunne overskride talet einingar det er opna for i plankartet. Dette vil etter Deloitte si vurdering representere eit brott på både planføresegnene og plan- og bygningslova, relatert til LNFR-føremålet både ved løyve til frådelling og bygging (jf. krav om at tiltak ikkje skal være i strid med plan). Deloitte vil peike på at tolkninga heller ikkje vil vere fullt ut i samsvar med planen/planomtalen til Bømlo kommune for øvrig, der det framgår at det er eit ønske om sentralisering av bustadbygging, mellom anna av samfunnsøkonomiske omsyn og omsyn til klimagassutslipp. Også denne tolkninga inneber at det vil kunne oppstå tilfelle der det faktisk ikkje blir bygd bustad på dei frådelt tomte, noko som vil kunne vere til ulempe for andre innbyggjarar med ønskje om å bygge (om enn i noko mindre grad enn ved bruk av den innskrenkande tolkninga).

Deloitte si samla vurdering, er at det den innskrenkande tolkninga skildra over – der både løyve til frådelling og løyve til bygging tell ned på løyvekvota for bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område som plankartet opnar for – er den tolkninga av føresegna i § 7.1.1 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel som i størst grad samsvarer med ordlyden, og som sikrar at det ikkje skjer brott på plan- og bygningslova og kommunalt planverk, ivaretek omsynet bak LNFR-reguleringar, og for øvrig samsvarer med definerte utbyggingsføremål i kommuneplanen. Deloitte meiner også at ulempene med denne tolkninga er dei som er minst kritiske. Sjølv om det som utgangspunkt er positivt å legge til grunn ein praksis som er til gunst for innbyggjarane (slik Bømlo kommune sin eksisterande teljepraksis er innretta), veg dette etter Deloitte si vurdering ikkje opp for at føremålet med LNFR-reglene blir sett til side og at kommunen sine løyve potensielt vil vere i strid med gjeldande regelverk og kommunalt planverk.

Deloitte vil understreke at tildeling av løyve til først frådelling og deretter bygging på same bruksnummer (bnr) innanfor same planperiode, berre skal teljast som ei (1) eining av løyvekvota i eit gitt område. Dette jf. ordlyden i føresegna om bygging av bueiningar. Bakgrunnen for Deloitte si vurdering av at ein ved nedteljing på kvoten også må telje med løyve til frådelling av tomt, er og at det er ein føresetnad at tomta skal byggjast på. Sånn sett kan ein sjå på frådelingsløyvet som eit fryst byggeløyve, som blir utløyst/materialisert når det faktisk blir bygd på eigedommen. Med denne forståinga lagt til grunn, betyr det at det etter frådelling og bygging er brukt eitt (1) løyve på kvoten til å bygge ei (1) bueining.⁹

⁹ Forståing og tolkning vil endre seg ved ein situasjon der det blir bygd fleire bueiningar på same bruksnummer.

Vedlegg 1 Høyringsuttale



Vår dato: 05.11.2024
Vår referanse: 2024/4072-L39

Vår saksbehandlar:
Lise Notland

Dykkar dato: Dykkar referanse:

ifiksdal@deloitte.no

Høyringsuttale til rapport frå undersøking av teljepraksis.

–

Viser til motteke utkast til forvaltningsrevisjon 28.10.24.

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 02.05.2024 i sak 17/24, har Deloitte gjennomført ei undersøking av teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadområde i Bømlo kommune.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om Bømlo kommune sin gjeldande tellepraksis er i samsvar med:

- gjeldande kommunalt planverk?
- gjeldande regelverk?

Høyringsutkastet datert 28.10.24 synleggjer at Bømlo kommune har etablert ein praksis som ikkje tek i vare LNFR kategorien godt nok. Vurderingane som går fram av rapporten viser problemstillingane me har sett og vurdert undervegs. Bømlo kommune har lagt seg på ein mindre streng praksis ved behandling av slike saker. Revisjonen viser at me må telja løyver til både bygging og oppretting av eigedomar.

Deloitte si samla vurdering, er at det den innskrenkande tolkninga skildra i rapporten – der både løyve til frådeling og løyve til bygging tell ned på løyvekvota for bustadbygging i LNFR spreidd bustad-område som plankartet opnar for – er den tolkninga av føresegna i § 7.1.1 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel som i størst grad samsvarer med ordlyden, og som sikrar at det ikkje skjer brott på plan- og bygningslova og kommunalt planverk, ivaretek omsynet bak LNFR-reguleringar, og for øvrig samsvarer med definerte utbyggingsføremål i kommuneplanen.

I etterkant av revisjonsarbeidet vil difor kommunen følgje tilrådinga som kjem fram av rapporten for å betre ivareta omsynet bak arealformåla LNFR-spreidd.

Bømlo kommune takkar for den grundige gjennomgangen av teljepraksisen vår. Arbeidet med å få på plass skriftlege rutinar som samsvarar med Deloitte si vurdering er i gong, og rapporten vil bli eit godt verktøy ved utarbeiding av føresegner til arealdelen i ny kommuneplan.

Adresse: Rådhuset, Leirdalen 1, 5430 BREMNES
postmottak@bomlo.kommune.no
www.bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00

Organisasjonsnr.: 834 210 622
Bankgiro: 3201.61.51652



Med helsing
Bømlo kommune

Lise Notland
Avd. leiar arealbruk
Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Tone Stavland
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Vedlegg 2 Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

- Kommunal- og distriktsdepartement: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) LOV-2008-06-27-71

Dokument frå Bømlo kommune

- Kommuneplan for Bømlo kommune, arealdelen 2013-2025. Vedteke av kommunestyret 18. mars 2013.
- Kommuneplan 2013-2024. Arealdelen. Føresegner og retningsliner. Vedteke av kommunestyret 18. mars 2013.
- Kommuneplanen 2013-2024. Arealdelen. Planomtale.
- Kommuneplanen 2013-2024. Arealdelen. Plankart.
- E-postkorrespondanse mellom Bømlo kommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Andre dokument

- *Klageavgjerd i byggesak – søknad om dispensasjon og samtykke til å dela frå bustadtomt.* Brev frå Statsforvaltaren i Rogaland, datert 18.02.2020.
- *Bømlo kommune. Svar på omgjøringskrav Vedtak om bygging av enebolig.* Brev frå Statsforvaltaren i Vestland 24.06.2022.
- *Bømlo kommune. Klage på vedtak om avvisning.* Brev frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 05.09.2022.
- *Samordna uttale med referat frå dialogmøte – Bømlo, kommuneplan – arealdel 20214-2036.* Brev frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 29.05.2024.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2024/89-3

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	33/24	28.11.2024

Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørende om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune. Vedlagt uavhengighetserklæring ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Microsoft Word - Uavhengighetserklæring 2024 Bømlo kommune.docx.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar vurdere sin uavhengigheit. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.

Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Grunna skifte av ansvarleg revisor på oppdraget til Bømlo kommune må det leggjast fram ny egenvurdering. Ansvarleg revisor hjå Deloitte AS, Unni-Renate Moe, som er ny ansvarleg revisor, har sendt over ei slik egenvurdering dagsett 13.11.2024. Denne ligg ved saka.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjon.

Kontrollutvalet si behandling av ansvarleg revisor si egenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjon.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengigheit og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet får informasjon om dette i møtet.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæring og tilleggsopplysningane vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.

Til Kontrollutvalet i Bømlo kommune

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Unni-Renate Moe sin eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i høve til krav i kommunelova § 24-4 og §§ 16 - 19 i forskrift om revisjon og kontrollutval:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Bømlo kommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Bømlo kommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Bømlo kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Bømlo kommune som høyrer inn under kommunen sine eigne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte AS for tida ikkje opptrer som fullmektig for Bømlo kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særreignar tilhøve	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særreignar tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Bømlo kommune.</i>

Bergen, 13.november 2024
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
partner/statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

På vegne av: Deloitte AS

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 77.16.xxx.xxx

2024-11-13 10:17:41 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2023/487-16

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	34/24	28.11.2024

Deloitte AS presenterer interimisrevisjonsrapport 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimisrevisjon 2024 frå Deloitte AS til orientering

Samandrag

I denne saka vil Deloitte AS presentere oppsummeringa av arbeidet med interimisrevisjonen 2024. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert på ein tryggande måte

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i kommunane har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalets ansvar og myndigheit, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Videre har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjon, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaper vert revidert på ein trygg måte og halde seg orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2024 frå Deloitte AS, som vart presentert for kontrollutvalet 09.10.2024.

I dette møtet vil Deloitte AS presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vere eit ledd i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ein forsvarleg revisjon.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vere med.

Revisor si oppsummering etter interimsrevisjonen ligg ved saka.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek oppsummeringa etter interimsrevisjon 2024 frå Deloitte AS til orientering.




Bømlo kommune – oppsummering interim 2024

Agenda

- Introduksjon
- Kva har vi gjort?
 - Opstartsmøte 1. oktober 2024
 - Følgd opp revisjonsrapport 2023
 - Kartlagt og testa rutinar for vesentlege prosessar
 - Gjennomført interimrevisjon 1. oktober 2024
- Kva har vi funne?



Introduksjon



Kartlagt og testa rutinar

Innkjøp



Innkjøpsreglement
Fakturabehandling – attestasjon og tilvising

Utfakturering



Fullstendighet av fakturagrunnlag
Avstemming og kontroll
Husleige, pleie og omsorg og kommunale avgifter vatn- og avløp

Løn



Tilsetjing og opphør av arbeidstilhøve
Lønsutbetaling
Pensjon

Budsjett



Budsjettprosess
Budsjettoppfølging
Budsjettjustering

Bank



Tilgang og administratorrettigheter
Godkjenning av utbetalningar
Avstemming

Sentrale tilhøve



Kontroll einingsleiarar – rapportering og løn

Ved gjennomgang av rutine med einingsleiar sin kontroll av lønsutbetaling vart det ikkje avdekka svakheiter i form av manglande kontrollspor ved kontroll av avstemmingen.

Kontroll av inngåande faktura og meirverdiavgiftshandtering

I forbindelse med vår attestasjon av meirverdiavgiftskompensasjon termin 1-5 samt interimrevisjon vart det ikkje avdekka feil ved attestering og anvisning av inngåande faktura eller meirverdiavgiftshandtering.

Automatisk kontroll av organisasjonsnummer mot leverandør.

Arbeidsdeling bank

Dei siste åra har administrasjonen innarbeida ei betre rutine her med at det er to som godkjenner i bank ved utbetaling.

Kredittkort i kommunen

Utvidet antall kort. Mulighet for å godkjenne eigen reise når tilviser er kortinnehaver.



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 415,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/136-2

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	35/24	28.11.2024

Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 09.12.2024. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 30.05.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan gjeldande forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta. Det vert tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte, eventuelt at kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan. Det kjem fram av prosjektplanen at forvaltningsrevisjonsrapporten er klar innan utgangen av mai 2025, og at kontrollutvalet kan handsame denne i første haustmøtet i 2025.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Prosjektplan fvr. av habiliteringstenesta - Bømlo kommune.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 09.10.2024 (PS 28/24) ny forvaltningsrevisjon:

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Habiliteringstenesta.
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. bakgrunn, føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 01.11.2024, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 28.11.2024.

Sekretariatet har motteke prosjektplanen frå Deloitte og denne er vedlagt saka (sjå vedlegg).

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Av prosjektplanen kjem det fram at føremålet med prosjektplanen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Bømlo kommune har tilfredsstillande styring og kontroll med habiliteringstenesta.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det etablert tilstrekkeleg internkontroll for å sikre god styring og kontroll med tenesteytinga i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. I kva grad er det etablert tydelege mål og planar for habiliteringstenesta?
 - b. I kva grad er det etablert nødvendige prosedyrar og rutinar for tenesteytinga (til dømes for tvang, ernæring, medisiner, funksjonsnivå, aktivisering m.m.)?
 - c. I kva grad blir det systematisk gjennomført risikovurderingar i tenesta?
 - d. Har habiliteringstenesta eit tilfredsstillande system for melding og oppfølging av avvik?
 - e. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande system for å sikre brukar- og pårørandemedverknad?
2. I kva grad sikrar Bømlo kommune tilstrekkeleg bemanning med rett kompetanse i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane, gjennom kompetanseheevande tiltak og rekruttering?
 - b. Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynte tenester?
 - c. I kva grad er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning og kompetanse i tenestene?
 - d. Kva blir gjort i tenesta ved avvik mellom planlagt og faktisk bemanning (f.eks. ved avvik som følgje av sjukefråvær og vakansar)?

3. I kva grad har Bømlo kommune sett i verk tiltak for å sikre gode og ressurseffektive tenester? Under dette:
- a. I kva grad er det sett i verk tilstrekkeleg med tiltak for å sikre realistiske budsjett for tenesta?
 - b. I kva grad har kommunen tatt i bruk velferdsteknologi i tenestene?
 - c. I kva grad har kommunen etablert serviceerklæringar/tenestestandardar som tydeleggjer krav til og innhald i tenestene?
 - d. I kva grad har kommunen iverksett tiltak/satsingar for å bruke personell og kompetanse på ein hensiktsmessig måte? (slik som tiltak knytt til oppgåvedeling, spesialiserte funksjonar/team som går på tvers o.l.)

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

Tid og ressursbruk

Timeestimat for prosjektet er inntil 350 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.

Prosjektet vil starte opp i desember 2024 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mai 2025. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen, og med stipulert timebruk, er det naudsynt at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, og at informasjonen elles vert teken til orientering.

Konklusjon

Det vert invitert til at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Forvaltningsrevisjon | Bømlo kommune

Habiliteringstenesta

Prosjektplan

November 2024

«Forvaltningsrevisjon av
habiliteringstenesta - prosjektplan»

November 2024

Prosjektplanen er utarbeidd Bømlo
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillinger	2
2	Revisjonskriterium	4
3	Metode	6
4	Tid og ressursbruk	7

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 09.10.2024, sak PS 28/24, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta i Bømlo kommune.

Habiliteringstenesta i Bømlo er ansvarleg for bu- og aktivitetstilbod til vaksne over 18 år, og yt i all hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Området er prega av stor kompleksitet då tenestemottakarane kan ha svært ulike behov. Tenesta har om lag 120 årsverk fordelt på 150 tilsette.¹

Deloitte har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurderingar) av Bømlo kommune si verksemd. Det blei identifisert fleire risikoområder i habiliteringstenesta, mellom anna knytt til organisering, dimensjonering av tenestene, sjukefråvær og nærleiksarbeid, system og rutinar, mål og budsjettetterleving. Totalt hadde tenesta eit overforbruk på 12,6 millionar kroner i 2023.

Nasjonalt er det påpeikt fleire risikoar knytt til tenester til personar med utviklingshemming. Det blei i 2016 gjennomført eit landsomfattande tilsyn med tenester til personar med utviklingshemming, og Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) avdekkja lovbrøt i mange kommunar. Tilsynet viste mellom anna mangelfull bemanning i fleire av kommunane, samt at det for mange brukarar ikkje var utforma mål, tiltak og plan for evaluering av tiltaka, eller at tiltaksplanane var ufullstendige. I enkelte av kommunane blei det også peikt på lovbrøt på grunn av mangelfull ivaretaking av brukarane sin rett til informasjon og medverknad². Også i tilsyn gjennomført i etterkant av det landsomfattande tilsynet, er det peikt på lovbrøt og avvik i tenestene.³ Sivilombodet har også gjennomført besøk i ei rekke bustadar til personar med utviklingshemming i fleire kommunar, og peikar på risikoar knytt til dårleg grunnleggjve tvangsvedtak, bruk av tvang utan heimel over lengre periodar og ulovleg skjerming og innlåsing. Det kom også fram eit tydeleg behov for å styrkje kvaliteten på helsetilbodet som blir gitt til menneske med utviklingshemming.⁴

Deloitte har også gjennomført fleire revisjonar av tenester til personar med utviklingshemming for ulike kommunar. I revisjonane er det mellom anna peikt på utfordringar knytt til internkontroll, bemanning og kompetanse, brukarmedverknad og involvering av brukar og pårørande.⁵⁶

I 2021 blei det gjennomført eit tilsyn med helse- og omsorgstenestene for personar med utviklingshemming i Bømlo kommune. Fylkesmannen⁸ sin konklusjon var at Bømlo kommune ikkje sikrar at relevante opplysningar om personleg assistanse blir dokumentert og er tilgjengeleg som grunnlag for vidare oppfølging, evaluering av tenestetilbod og kontroll av at brukarane får tenestene dei har vedtak om. I tillegg konkluderte Fylkesmannen med at Bømlo kommune ikkje sikra at alle tilsette i tenester for personar med utviklingshemming har naudsynt opplæring om journalføring og informasjon om evaluering av tenestetilbod til brukarane.

Bømlo kommune har etablert ein handlingsplan for tenester til menneske med utviklingshemming/forstyringar. I denne går det frå at kommunen har ein intensjon om å gjennomføre endringar for å tilpasse tenestene til strammare økonomiske rammer. Ulike tiltak som er skissert er samarbeid med frivillige, digitale og velferdsteknologiske løysingar, tiltak for effektiv drift, samt naudsynte strukturelle og organisatoriske endringar for å sikre god kompetanse og ressursbruk på tvers av einingar. Dette arbeidet er i oppstarten.

¹ Bømlo kommune. [Habiliteringstenesta i framtida \(mandat 26\)](#).

² Helsetilsynet. [Oppsummering av landsomfattande tilsyn i 2016 med kommunale helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming](#)

³ Helsetilsynet. [Tilsynsrapporter – søkeside](#).

⁴ Sivilombodet. [Sivilombodet sine besøk til bustader for mennesker med utviklingshemming 2020-2023. Oppsummering av dei viktigaste funna](#).

⁵ [Forvaltningsrevisjon av tenester til personer utviklingshemming i bofelleskap](#)

⁶ [Forvaltningsrevisjon av internkontroll og kvalitet i tjenesteytingen ved Lierstranda bofelleskap](#)

⁸ Fylkesmannen endra namn til Statsforvaltar i 2021.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Bømlo kommune har tilfredsstillande styring og kontroll med habiliteringstenesta.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er det etablert tilstrekkeleg **internkontroll** for å sikre god styring og kontroll med tenesteytinga i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. I kva grad er det etablert tydelege mål og planar for habiliteringstenesta?
 - b. I kva grad er det etablert nødvendige prosedyrar og rutinar for tenesteytinga (til dømes for tvang, ernæring, medisiner, funksjonsnivå, aktivisering m.m.)?
 - c. I kva grad blir det systematisk gjennomført risikovurderingar i tenesta?
 - d. Har habiliteringstenesta eit tilfredsstillande system for melding og oppfølging av avvik?
 - e. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande system for å sikre brukar- og pårørandemedverknad?
2. I kva grad sikrar Bømlo kommune tilstrekkeleg **bemanning med rett kompetanse** i habiliteringstenesta? Under dette:
 - a. Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane, gjennom kompetansehevande tiltak og rekruttering?
 - b. Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynte tenester?
 - c. I kva grad er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning og kompetanse i tenestene?
 - d. Kva blir gjort i tenesta ved avvik mellom planlagt og faktisk bemanning (f.eks. ved avvik som følgje av sjukefråvær og vakansar)?
3. I kva grad har Bømlo kommune sett i verk **tiltak for å sikre gode og ressurseffektive tenester**? Under dette:
 - a. I kva grad er det sett i verk tilstrekkeleg med tiltak for å sikre realistiske budsjett for tenesta?
 - b. I kva grad har kommunen tatt i bruk velferdsteknologi i tenestene?
 - c. I kva grad har kommunen etablert serviceerklæringar/tenestestandardar som tydeleggjer krav til og innhald i tenestene?
 - d. I kva grad har kommunen iverksett tiltak/satsingar for å bruke personell og kompetanse på ein hensiktsmessig måte? (slik som tiltak knytt til oppgåvedeling, spesialiserte funksjonar/team som går på tvers o.l.)

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav og forventningar til kommunen

2.2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester og krav til internkontroll

Etter § 3-1 første ledd i helse- og omsorgstenestelova skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om **nødvendige helse- og omsorgstenester**. Kommunen sitt ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, under dette personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.

Kommunen er pliktig å planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at tenesta sitt omfang og innhald er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd.⁹ Dette blir omtala som internkontroll i tenesta. Internkontroll skal understøtte god styring og kontroll med verksemda og tenestene som blir ytte, og vere eit verktøy for at leiinga skal kunne ha oversikt og kontroll utan å måtte vere involvert i alle oppgåvene som blir gjennomførte.

Krav til internkontrollen er nærare regulert i ei eiga forskrift **om leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene**. Forskrifta inneheld ei rekke krav og plikter knytt til internkontroll. Mellom anna skal kommunen beskrive verksemda sine mål, oppgåver og organisering (§ 6a), utvikle og iverksette nødvendige prosedyrar og rutinar for tenesteytinga (§ 7c)¹⁰ og ha oversikt over og oppfølging av risikoområde og avvik (§§ 6d, 6g og 8e).

2.2.2 Nærmare om kapasitet, bemanning og kompetanse i tenestene

§ 4-1 i helse- og omsorgstenestelova omtalar krav til **forsvarlegheit** i kommunen sine helse- og omsorgstenester. Her går det mellom anna fram at kommunen skal leggje til rette tenestene slik at helse- og omsorgstenesta og personell som utfører tenestene blir i stand til å overhalde sine lovpålagde plikter (§ 4-1 c) og at tilstrekkeleg fagkompetanse blir sikra i tenestene (§ 4-1 d).¹¹

I § 6f i forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta går det fram at verksemder som yt helse- og omsorgstenester skal ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring.¹²

I følge rettleiar for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming skal behovet for kompetanse sjåast opp mot brukaranes behov for tenester og dei oppgåvene som skal løysast.¹³

Helsedirektoratet sin rettleiar til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring slår fast at kommunen skal sørge for **tilstrekkeleg kvalifisert bemanning** sett opp mot behovet, under dette tilstrekkeleg personell med høgskuleutdanning innan helsefag, sosialfag og sosialpedagogikk, og tilstrekkeleg personell med fag- og yrkesspesifikk kompetanse. Vernepleiarar er særleg sentrale, med brei kunnskap om utviklingshemming, miljøterapeutisk arbeid, habilitering, rehabilitering, helsefremming og helsehjelp.¹⁴

I samsvar med helsedirektoratet sin rettleiar for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming bør kommunane **arbeide systematisk med kompetanse i tenester** til personar med utviklingshemming, gjennom blant anna strategisk kompetanseplanlegging. Rettleiaren til forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene viser til at det er øvste leiar sitt ansvar å sørge for system som sikrar at medarbeidarane har kunnskap og ferdigheiter til å utføre oppgåvene sine, og at dette føreset at

⁹ Helse- og omsorgstenestelova § 3-1.

¹⁰ Helsedirektoratet: [Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#). Sist endra 29.10.2018.

¹¹ Helse- og omsorgstenestelova §4-1.

¹² Forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstenester §6f.

¹³ Helsedirektoratet: [Veileder for gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming](#).

¹⁴ Helsedirektoratet: [Veileder til forskrift om leiing og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#). Sist endra 29.10.2018.

verksemda jamleg gjennomfører kompetansekartleggingar, rekrutterer medarbeidarar med rett kompetanse og sørgjer for at dei får tilstrekkeleg opplæring og etter- og vidareutdanning.¹⁵

2.2.3 Krav til brukarmedverknad

Etter **pasient- og brukarrettslova** skal tenestetilbodet så langt som mogleg utformast i samarbeid med brukaren, og det skal leggst stor vekt på kva brukaren meiner ved utføringa av tenestetilbodet, jf. § 3-1 første og andre ledd.¹⁶ tillegg til krava som framgår av lov og forskrift, er det er utarbeidd nasjonal rettleiing knytt til brukar- og pårørandemedverknad som også kan vere relevant som revisjonskriterium.

2.2.4 Nasjonale tilrådingar om ressurseffektive tenester

Helsepersonellkommissjonen (NOU 2023:4 - Tid for handling) peikar på at god kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene er ein føresetnad for rett oppgåvedeling innanfor dei ulike helse- og omsorgstenestene, og vidare ein føresetnad for at tenestene skal gi forsvarlege tenester til innbyggjarane i kommunen. Vidare blir det skildra kor viktig det er med rett bruk av ressursar og kompetanse, der helsepersonell må brukast til oppgåver som krev ei viss kompetanse, og at oppgåver som ikkje krev helsefagleg kompetanse bør fordelast til anna personell. Vidare blir det peika på at rett oppgåvedeling må forankrast i leiinga i tenestene, og at måten ansvar og oppgåver blir fordelte og/eller omfordelte på, må vere basert på strategisk kompetansekartlegging og kompetanseplanlegging.

Helsedirektoratet har gitt tilrådingar om velferdsteknologiske løysingar i kommunane.¹⁷ Bakgrunnen er at direktoratet ser at det er tydelege gevinstar ved bruk av velferdsteknologi i kommunale helse- og omsorgstenester. Helsedirektoratet peikar mellom anna på lokaliserings teknologi (GPS), elektronisk medisineringsstøtte, elektroniske dørlåsar, digitalt tilsyn, digitale tryggleiksalarmar, pasientvarslingssystem og responstenester.

2.2.5 Krav til realistiske budsjett

Kommunelova stiller grunnleggande krav til økonomiforvaltninga i kommunar og fylkeskommunar. I samsvar med § 14-1 skal kommunar og fylkeskommunar forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteken over tid.¹⁸ Dette inneber mellom anna at kommunen skal sette opp budsjett som skal vere realistiske, fullstendige og oversiktlege jf. §14-4.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

¹⁵ Helsedirektoratet. [Leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesten.](#)

¹⁶ Pasient og brukarrettslova §3-1 første og andre ledd.

¹⁷ Helsedirektoratet (2015) *Anbefalinger om velferdsteknologiske løysningar i kommunene*. Sist faglig oppdatert 26. april 2019. Url: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/velferdsteknologi/anbefalinger-om-velferdsteknologiske-losninger-i-kommunene>.

¹⁸ Kommunelova §14-1.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Bømlo kommune som er involvert i habiliteringstenesta. Mellom anna kan det vere aktuelt å intervju verksemdsleiar for habiliteringstenesta, eit utval avdelingsleiarar og tilsette/verneombod og tillitsvalde, samt representantar for brukarar og pårørande (eksempelvis råd for menneske med nedsett funksjonsevne). Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 10-15 intervju.

3.3 Analyse av statistikk

Revisjonen vil gjennomgå aktuell statistikk som avviksstatistikk, bemannings- og fråværsstatistikk og eventuelt også relevant offentleg statistikk.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuar for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. Kjersti Gjuvsland vil vere prosjektleiar. Deloitte vil sette saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningsliner, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 350 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere desember 2024 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mai 2025.¹⁹ For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Bømlo kommune og Deloitte.

Bergen, 1. november 2024



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

¹⁹ Deloitte gjennomfører alltid ein uavhengigheitsjekk før oppstart av prosjekt for å sikre at vi oppfyller krava til uavhengigheit som blir stilte til revisor, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 16. Gjennomføringa av prosjektet føreset at denne sjekken ikkje avdekkjer faktiske uavhengigheitskonflikter (til dømes at vi står i fare for å revidere eige arbeid, nære relasjonar o.l.) eller tilsynelatande uavhengigheitskonflikter (der det ikkje er faktiske uavhengigheitskonflikter, men der det kan vere risiko for at tilliten til vurderingane og funna våre blir svekt på grunn av ulike forhold knytt til saka).



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/40-12

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	36/24	28.11.2024

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde mellom anna slikt vedtak i møte 28.05.2020 i sak «PS 17/20 Eventuelt»:

«Kontrollutvalet ønskjer ei sak i kvart møte om at rådmannen orienterer om saker frå kommunen»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalet vil motta informasjon og kan stilla spørsmål. Så kan ein undervegs vurdera om ein vil ta informasjonen til orientering eller be om noko anna.

Konklusjon

Om det ikkje er nokon særskilte merknader knytt til informasjonen som vert gjeven, tilrår sekretariatet å ta informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/483-6

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	37/24	28.11.2024

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av desse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Bømlo kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har i møte 09.10.24, sak PS 30/24, gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Bente Spissøy
Formannskapet	Rune Kvernenes
Utval for levkår	Lene Borgen Waage
Utval for areal og samferdsel	Ståle Sagvaag

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneleven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang.

- Kommunestyret 21.10 og 28.10
- Formannskapet 14.11
- Utval for levkår 12.11
- Utval for areal og samferdsel 13.11

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/482-10
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	38/24	28.11.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/496-27

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	39/24	28.11.2024

Henvending - relatert til jobbsøking

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Sekretariatet har motteke ei handvending relatert til jobbsøking. Sekretariatet har send eit førebels svar. Kontrollutvalet må før realitetshandsaming ta stilling til om møtet må lukkast når utvalet skal handsama denne saka. Vedtak om evt. lukking og heimel for dette skal skje i opent møte. Viser her til avsnitt i saka om «vurderingar og verknader».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har motteke ei henvending på epost 23.10.2024 relatert til jobbsøking i Bømlo kommune. Sekretariatet har i epost 24.10.2024 gitt slik førebels svar:

«Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er engasjert som sekretariat for kontrollutvalet i Bømlo kommune. Vi stadfester at vi har motteke henvendinga frå deg på epost 23.10.2024. Alle hendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Vi gjer merksam på at det ikkje er trygt å sende sensitive personopplysningar på e-post.

Utan at vi har vurdert henvendinga , vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle enkeltsaker, hendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904> . Når det gjeld hendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det hendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Neste møte i kontrollutvalet i Bømlo kommune er 28.11.2024, etter behandlinga i kontrollutvalet vert du orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne type saker, jf. Kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet er av den oppfatning at møtet må lukkast ved behandling av denne saka med heimel i Kommunelova § 11-5, 3. lekk pkt. b, jf. Offl. §13, og Fvl § 13, 1 lekk.

Kontrollutvalet må ut i frå det som blir lagt fram av informasjon i saka diskutere kva ein skal gjere vidare med saka.

Konklusjon

Saka vert lagd fram utan forslag til konklusjon



Saksframlegg

Saksnr: 2024/67-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	40/24	28.11.2024

Konkurransetsetting av revisjonstenestene - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Forslag til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Samandrag

Det er kommunestyret sjølv som vel revisor for kommunen. Vedtaket vert gjort etter innstilling frå kontrollutvalet, som gjennomfører prosessen fram til val av revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bømlo kommune nyttar konkurranseutsetting av revisjonstenestene. Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for kommunen gjeld til og med revisjon av rekneskapen for 2024, det vil seie til og med 30.6.2025. Frå 01.07.2025 må revisor for ny avtaleperiode vere på plass.

Kommunestyret vedtok 17.06.2024, etter innstilling frå kontrollutvalet, å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre prosessen for å få gjennomført konkurranse om val av revisor, ved å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse om val av revisor for Bømlo kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert vald ut frå konkurransen, er revisor f.o.m. 01.07.2025.
2. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
 - Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument
 - Knytte til seg naudsynt hjelp.
 - Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

I tråd med vedtaket over vert forslag til konkurransegrunnlag lagd fram for kontrollutvalet. Sekretariatet har saman med rådgjevar utlånt frå innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune utarbeidd forslag til konkurransegrunnlag. Det er denne gongen gjennomført marknadsdialog, derav i forsøk på å få fleire tilbydarar i konkurransen og å betra kvaliteten på tilbodsdocumenta. Drøfting av konkurransegrunnlag på bakgrunn av marknadsdialog, erfaringar og betraktningar elles vil vara ved i tida fram mot møtedato.

Kontrollutvalet må gjennomgå og ta stilling til dei aktuelle dokumenta som viser forslag til område som konkurransegrunnlaget skal omfatte, og som vert lyst ut i DOFFIN.

Konkurransegrunnlaget er unnateke offentleggjering etter offentleglova § 23, 3. avsnitt. Dokumenta vil bli presentert i møtet. Det vert tilrådd at møtet vert lukka under behandlinga av denne saka med heimel i kommunelova § 11-5, jf. offl. § 14. Det må reknast god tid for kontrollutvalet til gjennomgang og drøfting av innhaldet.

Kontrollutvalet bør gje sekretariatet fullmakt til å gjere nødvendige redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert lagt på DOFFIN.

Konklusjon

Kontrollutvalet gjennomgår anbodsdocumenta i møtet, vedtek innhaldet i konkurransegrunnlaget og gjev sekretariatet fullmakt til å gjere naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i anbodsdocumenta før dei vert lagt ut på DOFFIN.



Foto av disse/huske på leikeplass

Årsmelding 2023-24

Mobbeombodet i Vestland

Innhald

Forord.....	3
Samandrag	4
Mobbeombodet- kven er vi og kva gjer vi?	5
Vårt kunnskapsgrunnlag og verdiplattform	7
Mobbeombodet sitt arbeid i 2023-24	9
Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe	11
Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø	11
Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod	12
Engasjementskart	13
Mobbeombodet sine erfaringar- tendensar i Vestland siste skuleår	14
Urolege miljø og kampen om å høyre til	14
Mobbing der vaksne ikkje er.....	15
Ufrivillig skulefråvær.....	15
Krenka av vaksne.....	16
Krevjande skule- heim samarbeid	16
Kva med barnehage?.....	17
Å lukkast med både førebygging og handtering- tilrådingar frå mobbeombodet.....	19
1.Skap god dialog med heimane.....	19
2. Kjenn barn og unge sine rettar	19
3. Laget rundt eleven må vere fulltalig.....	19
4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på agendaen	20
Type I og type II skular- kva kjenneteiknar skular som lukkast?.....	20
Vegen vidare.....	22
Kjeldeliste	24

Forord

Dette er årsmeldinga frå mobbeombodet i Vestland til fylkestinget i Vestland. Årsmeldinga gjeld for barnehage- og skuleåret 2023-2024, og er skriven med utgangspunkt i dei førespurnadane som har kome til mobbeombodet, og det arbeidet som har vorte gjort. Erfaringar og observasjonar frå enkeltsaker og systemarbeid er inkludert. Mobbeombodet rapporterer til fylkestinget for å vise korleis ressursar har vore nytta, men enno meir for å peike på svakheiter, og sjå moglegheiter som kan vere til nytte i det vidare arbeidet i fylkeskommunen og kommunane. Årsmeldinga er ikkje ein tilstandsrapport om alt som går føre seg i skular og barnehagar i Vestland, men ho rommar nyansar og perspektiv som supplerer det eksisterande datagrunnlaget som kommunane og andre barnehage- og skuleeigarar har.

Når mobbeombodet mottar ein førespurnad, høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i kva som ligg i barns opplevingar av å ikkje ha det trygt og godt og kva hjelp dei ønskjer. Dette er viktig å løfte og gjere kjent.

I rolla som mobbeombod kjem vi òg i posisjon til å sjå kva som konkret fremmar og hemmar gode løysingar i skule og barnehage, og kva tilsette og støttesystem ønskjer hjelp til. Dette formidlar vi også gjennom årsmeldinga vår.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss, og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare all tilbakemelding vi har fått. Vi er særlege takksame for samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les ho, lytt til erfaringane frå elevar, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Hildegunn Hodneland

Mobbeombod i Vestland,

07.08.2024



Samandrag

Skule- og barnehageåret 2023-24 har mobbeombodet motteke 201 førespurnader som gjeld barnehage og/eller skulemiljø i Vestland. Det er flest foreldre som tek kontakt, men også tilsette i skule og barnehage kontaktar oss for å sparre eller frå råd og rettleiing i krevjande saker. Ein del av arbeidet vårt i løpet av året er også deltaking med presentasjonar og innlegg for tilsette i barnehage og skule, foreldre og politikarar. I år har vi hatt 46 slike innlegg. I tillegg har vi formidla synspunkt og kunnskap om mobbing og utrygge leike- og læringsmiljø gjennom ulike innspel i media, mellom anna kronikk, avisreportasje og podcast.

Gjennom besøk og samtalar med foreldre og tilsette i skular og barnehagar i Vestland og førespurnadane vi får, får vi eit innblikk i kor skoen trykker, og kva som fungerer og ikkje fungerer når barn og unge ikkje har det trygt og godt i barnehage eller skule. Vi erfarer at mobbing er meir enn enkeltelevar som er slemme med kvarandre, og ofte meir komplisert enn eit mobbeoffer og ein pådrivar. Mobbing handlar om komplekse sosiale prosessar og negative gruppedynamikkar, og det som skjer må sjåast i samanheng med omgjevnadane til barnet/eleven.

I årsmeldinga løftar vi fram problemområde og utfordringar vi ser i skule- og barnehage, og gir avslutningsvis tilrådingar til skule- og barnehageeigar, leiarar og tilsette.

Vi set i år fokus på utrygge miljø og kampen om å høyre til. Utrygge elevar og snitche-problematikk er ein del av dette. Skulevegving, vaksne som krenker og krevjande skule- heim samarbeid er også problemstillingar vi møter stadig oftare, og som vi reflekterer rundt i årsmeldinga vår. Vi har få førespurnader frå barnehage, men hører likevel ofte at «det starta i barnehagen», og tematiserer korleis barnehage og barnehageeigar kan bli flinkare til å informere om lovverk knytt til trygt barnehagemiljø og til å arbeide systematisk med førebygging og handtering av mobbing.

Årets tilrådingar skil seg ikkje i stor grad frå tidlegare år, og kjem i stikkordsform her:

1. Skap god dialog med heimane
2. Kjenn barn og unge sine rettar
3. Laget rundt eleven må vere fulltalig
4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på agendaen

Mobbeombodet i Vestland jobbar ut frå budskapet «saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø», og målet med årsmeldinga er å få til endring og aktivisering. Årets elevundersøking viste diverre ei auke i mobbetala, også i Vestland, og ingen har så langt funne svaret på kvifor. Kampen mot mobbing må halde fram, men ingen kan kjempe han aleine. Mange må stå saman, og alle kan gjere

litt. Vi ynskjer at du som les årsmeldinga, anten du er politiskar, skule/barnehageeigar, rektor, barnehagestyrar, elev eller føreset til eit barn i Vestland, etterspør og legg press for å nå måla. Elevar og føresette må stille spørsmål til skulen, tilsette stiller spørsmål internt, -til kollegaer og oppover i systemet. Leiarar i skule og barnehage må stille spørsmål og stille krav til eigarar, både administrasjon og politiskarar.

Mobbeombodet- kven er vi og kva gjer vi?

Mobbeombodet i Vestland er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage og grunnskule, og for deira foreldre. Ombodet skal arbeide mot alle former for mobbing og krenkelsar, og skal bidra til at barn og unge får oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Det inneber at alle kan spørje ombodet om råd i saker som gjeld barnehage- og skulemiljø. Mobbeombodet har teieplikt.

I Vestland var det i 2023 registrert 32 880 barn i barnehagar¹ og 76 929 elevar i grunnskulen².

Ordninga med fylkesvise mobbeombod vart initiert som ei nasjonal prøveordning hausten 2018, og fylkestinget i Vestland vedtok 10.6.20 mandatet³ som mobbeombodet arbeider ut frå.

I Vestland skal det vere to mobbeombod. Fram til mars 2024 var Aina Drage og Hildegunn Hodneland tilsette i 100 % stillingar. Frå Aina gjekk over i ny stilling i mars og ut skuleåret har Hildegunn vore aleine som ombod. 15. august tek Gøril Hillersøy til som nytt ombod i nord-fylket, og vi blir igjen fulltalige.



Hildegunn Hodneland er mobbeombod i Vestland

Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter.

Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte

fylkeskommunedirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad ved fylkeshusa i Bergen og på Leikanger.

Mobbeombodet jobbar ut mot alle kommunane i Vestland, og fungerer også som samarbeidspartnarar, rådgjevar og rettleiarar for ulike aktørar som er ansvarlege for å sikre barn og unge sine rettar. Vi arbeider aktivt for å sikre godt samarbeid med desse, t.d. barnehagar, skular, PPT,

¹ <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>

² <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elev-ar-i-grunnskolen>

³ [Kva er og kva gjer mobbeombodet - Vestland fylkeskommune](#)

lokale skulemiljøteam, barnekoordinatorar og helsetenester. Vi arbeider på ulike nivå frå individ- til samfunnsnivå.

Individnivå- barn og unge

I møte med barn, ungdom og foreldre skal ombodet lytte, anerkjenne, støtte, rettleie og gi råd. Vi skal arbeide for at barnehagebarn og elevar i grunnskulen sin rett til eit trygt psykososialt miljø, som fremjar helse, læring, trivsel og inkludering. Arbeidet vårt på dette nivået vert regulert av sentrale lovverk som FNs barnekonvensjon, rammeplan for barnehage, barnehagelova (særskilt kap. 8) og opplæringslova (særskilt kap. 9A (kapittel 12 frå 1.8.24)).

Barnekonvensjonen
sin art.3 om omsyn til
barnets beste ligg til
grunn for alle
vurderingane våre

Skule- og barnehagenivå

Ombodet skal vere ein ressurs for tilsette i skular og barnehagar, og gi informasjon om retten til godt psykososialt leike- og læringsmiljø. Vi gir råd og rettleiing i enkeltsaker, og går i dialog med skular og barnehagar i saker som er vanskelege å løyse. Krevjande saker kan handle om at saka i seg sjølv er kompleks, manglande tillit og/eller dialog mellom heim og barnehage/skule, eller om at barnehage/skule har behov for auka kompetanse.

Systemnivå

Ombodet samarbeider med skule- og barnehageeigar og andre aktørar som arbeider for og med barn og unge. Her kan vi nemne Elevorganisasjonen, ulike foreldreutval, Læringsmiljøsenderet, skulehelsetenesta, frivillige organisasjonar, pasient- og brukarombodet, høgskular og universitet. Stadig fleire av kommunane i Vestland inviterer oss inn, både på administrativt og politisk nivå, for samarbeid og for å høyre meir om arbeidet vårt. I tillegg samarbeider vi med elev- og lærlingombodet i Vestland. Mandata til begge omboda seier at vi skal ha jamlege møtepunkt med administrativ og politisk leiing i fylkeskommunen, og vi ser fram til mykje godt samarbeid komande skuleår.

Samfunnsnivå

Mobbeombodet i Vestland skal ha eit tydeleg uttalt verdi/barnesyn, og vere barna si stemme i samfunnsdebatten i saker som handlar om barn- og unge sine retter til trygge psykososiale miljø. Dette gjer vi ved å samle dokumentasjon, statistikk og rapportar til politikarar, men også gjennom uttalar- intervju, kronikkar etc.- i media, og gjennom innlegg i eigne sosiale media. Vi samarbeider også med ombod i andre fylke om høringsinnspel til lovendingar som omhandlar barn og unge.

Her kan du kontakte oss:

Telefon: 57 30 03 33

E-post: mobbeombod@vlfk.no

Nettside: vlfk.no/mobbeombodet

Vårt kunnskapsgrunnlag og verdiplattform

Mobbeombodet har ei relasjonell og systemisk tilnærming til mobbing. Det vil seie at vi ser på mobbehandlingar som meir enn berre uønskt åtferd i seg sjølv. Å handtere mobbing har lenge handla om å jakte på vondsinna mobbeåtferd for deretter å konfrontere mobbarar og stoppe dei. Forsking på mobbing i skule og barnehage viser at mobbing svært ofte handlar om dynamikken i barnegruppene, om sosiale prosessar på avvege. Mobbeombodet i Vestland arbeider ut frå dette kunnskapsgrunnlaget. Vi erfarer at der eitt barn i gruppa ikkje har det bra, er det ofte fleire i same klasse/gruppe som også kjenner på utanforskap og mobbing. Mobbing handlar om utrygge miljø og om kampen for å høyre til. Det skjer i ein kontekst, og kan også handle om kultur og relasjonar

Årsakene til åtferd kan altså vere samansette, og vi meiner ein må sjå åtferda i samanheng med omgjevnadane til barnet. Samtidig er vi også opptekne av at mobbeåtferd må stoppast. Å involvere dei vaksne rundt barnet er viktig, og vi samarbeider difor også med tilsette i skule og barnehage, der vi mellom anna kan vere med å diskutere og analysere utfordringar med enkeltelevar og i barne-/elevgruppa.

Ein kjent og viktig indikator på skulemiljø er den årlege Elevundersøkinga, som òg er ein del av kunnskapsgrunnlaget i arbeidet for trygge og gode skulemiljø. Undersøkinga kartlegg sentrale sider ved elevane sine læringsmiljø, også mobbing. Når undersøkinga konkret spør om eleven har opplevd mobbing, vert det utdjupa: *Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan for stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakke eller slå, dytte og halde fast.*

Denne definisjonen på mobbing er i tråd med Dan Olweus sin definisjon⁴ frå 1992, som også er internasjonalt anerkjent. Vi veit på same tid at nyare definisjonar på mobbing veks fram. Ingrid Lund⁵ har saman med fleire kollegaer utvikla følgjande definisjon: «*Mobbing av barn og unge er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyre til, å vere ein betydingsfull person i fellesskapet og moglegheita til medverknad.*»



Definisjonen på mobbing kan hjelpe oss til å forstå kva som skjer mellom barn, og til å komme i posisjon til å hjelpe. Uavhengig av definisjon er det samstundes slik at aktivitetsplikta i opplæringslova tek utgangspunkt i **eleven si oppleving** av eige skulemiljø og om eleven har det trygt og godt, uavhengig om mobbing er ein faktor.


Mobbeombodet arbeider heile tida med å oppdatere oss fagleg og har jamleg møte med elev- og lærlingombodet i Vestland. Vi diskuterer aktuelle problemstillingar og reflekterer rundt omgrep og praksis. Vi deltek også på både regionale og nasjonale kompetansehevingar saman med andre mobbeombod og elev- og lærlingombod i Noreg.

⁴ Den tradisjonelle definisjonen av mobbing er utvikla av forskaren Dan Olweus, som definerer mobbing slik: "Ein person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentatte gonger og over ei viss tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar."

⁵ Helgeland A. & Lund I. (2020) Mobbing i barnehage og skole-nye perspektiver

Mobbeombodet sitt arbeid i 2023-24


Mobbeombodet har mottatt 201 førespurnader som gjeld barnehage- og/eller skulemiljø. Dei fleste som kontaktar oss er foreldre til barn som ikkje har eit trygt barnehage eller skulemiljø. Den nest største gruppa er tilsette som tek kontakt for å få råd eller rettleiing i ei sak. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt/alder, og kven som har tatt kontakt med oss.



Dei fleste, og totalt 183 førespurnader, har kome frå skulefeltet.


Diagrammet syner òg at barnehage brukar tenesta, totalt 10 førespurnader.

Vi har mottatt 8 førespurnader som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule. Det kan vere saker frå fritidsarenaer, vidaregåande skule eller tidlegare elevar som ynskjer råd om tidlegare sak.



Tilsette som har kontakta oss har vore leiarar i skule/barnehage, lærarar og førskulelærarar, assistentar. Nokre av førespurnadane under «tilsette» kjem også frå skulehelseteneste og barnekoordinatorar

«Andre» som har tatt kontakt inkluderer FAU-representant, sambygdingar og leiar av fritidsaktivitet



Vi mottek flest førespurnader som gjeld mellomtrinn, men til samanlikning frå førre årsmelding ser vi at fordelinga mellom småtrinn og mellomtrinn no er jamnare.

Førespurnader frå ungdomstrinnet er på omtrent same nivå som førre skuleår.

Fordelinga mellom kjønn er tilnærma lik.


Frå barnehagefeltet er det flest førespurnader som gjeld dei eldste barna

Mandatet vårt seier at mobbeombodet i Vestland skal bidra til at barn og unge får ivaretatt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. I praksis handlar dette i stor grad om å gi råd og rettleiing på bakgrunn av lovverk og faglege perspektiv, i tillegg til å yte emosjonell og sosial støtte.

Når vi vert kontakta av elevar og foreldre prøver vi difor

- 1) å lytte og møte den som tek kontakt med oss slik at den kjenner seg forstått og teke på alvor,
- 2) gjennom fagleg og emosjonell støtte og ruste elev/foreldre til å handtere sin eigen situasjon, vite kva ein kan gjere og kva ein kan forvente av barnehage, skule og eigar, og
- 3) gi sosial støtte når elev/foreldre har behov for det i møte med barnehage/skule

Når mobbeombodet er uroleg for ein situasjon/prosess som ikkje fører fram eller for kvaliteten på oppfølginga, seier vi frå til ansvarlege, som regel barnehagestyrar, rektor eller barnehage- og skuleeigar. Dette skjer ofte parallelt med at foreldra sjølve seier i frå. Som det går fram av tabellen over, ynskjer også tilsette i skule og barnehage å rådføre seg med mobbeombodet i krevjande saker, det kan vere konkrete spørsmål eller nokon å tenke høgt saman med, for å prøve å få auge på det ein sjølv ikkje ser. For at barnehagebarn og elevar skal få oppfylt retten sin til å ha det trygt og godt, er det avgjerande av skule- og barnehage har god kapasitet til å hjelpe når det først har gått gale, når førebygging likevel ikkje er nok. Mobbeombodet meiner det er viktig å vere god i å handtere mobbesaker når førebygging ikkje er nok. Vi veit at ein blir gode på det ein øver på, og når det kjem til handtering av mobbing og/eller utrygge skulemiljø, må ein vere god både kollektivt og individuelt.



Av dei som tek kontakt med oss fortel dei fleste av situasjonen har vart i 1-3 år. Det høyrer og med at dei aller fleste av desse allereie har gitt beskjed eller vore i kontakt med barnehage/skule.

Vi merkar oss at om lag 17 % av dei som tek kontakt har opplevd utrygt barnehage/skulemiljø i meir enn 3 år.

Om lag 20 % har ikkje fortalt noko om varigheit

Å vere synlege for dei vi er sett til å hjelpe

Evaluering av mobbeombodstenesta viste at ordninga har hatt effekt, men at ho har vore lite kjent.⁶ Vi har jobba på fleire måtar for å gjere tenesta betre kjent.

- a) Vi har sendt e-post med lenke til nettsida vår til aktuelle aktørar i kommunar, med mål om å gjere informasjonen lett tilgjengeleg for barn og foreldre. Vi ser at mange kommunar, skular, barnehagar, fylkeskommunale skular informerer om tenesta, men oppfordrar med alle kommunar i Vestland til å undersøke om dei har oppdatert informasjon om mobbeombodet på sine heimesider.
- b) Gjennom eigen profil på Facebook⁷ og Instagram⁸ rettar vi oss mot foreldre og mot ungdom. Her har vi delt aktuell informasjon for målgruppa.
- c) I fysiske og digitale besøk i klasserom og foreldremøte har vi presentert oss sjølve og mobbeombodstenesta.
- d) Mobbeombodet har delteke i paneldebatt og stilt opp til intervju i aktuelle saker i media. Dette året har vi bidratt til 9 innlegg/intervju fordelt på lokalaviser, regionaviser, paneldebatt, lokalradio og podcast.

Innlegg og føredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø


Mobbeombodet har gjennom skuleåret 2023-24 bidratt med 46 innlegg og føredrag i ulike fora. Vi tilpassar innlegga til publikum og deira ynskje og behov, men «saman for trygt og godt skulemiljø», erfaringar frå eige arbeid kombinert med forskning på førebygging og handtering av mobbing og utrygge leike- og læringsmiljø er viktige stikkord når vi er snakkar til- og med- alt frå politikarar til foreldregrupper. Informasjon om mobbing og sosiale prosessar blant barn og unge, kva foreldre og tilsette kan bidra med for å skape trygge fellesskap, og informasjon om lovar og rettar i samband med trygge og gode leike- og læringsmiljø er alltid på programmet når vi er på oppdrag rundt i fylket.

⁶ https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf

⁷ <https://www.facebook.com/mobbeombod>

⁸ <https://www.facebook.com/mobbeombod>

Innlegg og foredrag som gjeld barnehage- og skulemiljø



Ved invitasjon, og med omsyn til kapasitet, har mobbeombodet halde foredrag og innlegg for aktuelle og ansvarlege i barn sine miljø.


Å treffe elevar, foreldre, tilsette i skule/barnehage, skuleeigar og politikarar har vore viktig med omsyn til å gjere mobbeombodet kjend.

Deltaking i nasjonalt nettverk, saman med andre fylkesvise mobbeombod og elev- og lærlingombod

Fylkesvise mobbeombod, elev- og lærlingombod og oppvekstombod har eit nasjonalt nettverk.

Gjennom faste digitale samlingar og i arbeidsgrupper har vi hatt faglege drøftingar, delt erfaringar og gitt høyringssvar. Læringsmiljøsentret i Stavanger har hatt i oppgåve å legge til rette for kompetansesamlingar for omboda. Å vere i nettverk med andre ombod har bidratt til fagleg utvikling og rolleforståing. Eit av mobbeomboda i Vestland sit i nettverket sitt arbeidsutval.

Engasjementskart



Mobbeombodet sine erfaringar- tendensar i Vestland siste skuleår

Urolege miljø og kampen om å høyre til

Mange av historiene vi høyrer er komplekse, det kan gjerne vere fleire grunnar til at barn og unge ikkje har det bra på skulen. Ein fellesnemnar som går igjen i mange, er at elevgruppa eller klassen manglar det gyldige vi-et ⁹som forskning på klassemiljø løftar fram som eit kjenneteikn på trygge klassar. Vi høyrer historier om «kampen for å vere innanfor», om klassar der det er skummelt å snakke høgt i timen, om skular som er prega av ein «snitche-kultur» ¹⁰ også langt nede i barneskulen. Rammene for kva som er godkjent, det vere seg klesstil, åtferd, interesser m.m., kan vere tronge, og tilhørslse blir ein avgrensa ressurs.

Utanforskap av ulike typar er altså ein gjengangar i mange av sakene ombodet er involvert i, og vi ser at det å ikkje vere eit fullverdig medlem av gruppa, å ikkje vere ein som vert rekna med, er vond. Vi ser også at mange skular har vanskar med å gi elevane den roa og stabiliteten som trengst for å skape eit trygt og godt klassemiljø.

Vi høyrer forteljingar om hyppige skifte av kontaktlærarar, om høgt sjukefråvær hjå personale både i skule- og i barnehage, og om vanskar med å få tak i kvalifiserte vikarar.

Trygge relasjonar mellom lærar- elev og god klasseleiing er sentralt i både førebygging og

handtering av mobbing. Stor bruk av ufaglært arbeidskraft og lite stabile personalgrupper får dermed fleire negative følgjer for elevane.

Det er ikkje viktig for meg kva gruppe eg er i, så lenge det er den vaksne som bestemmer.

Gut i 4.klasse uttalar seg om gruppeinndeling i samband med ei mobbesak

⁹ <https://utdanningsforskning.no/contentassets/813f0fc2e006460ab01cb66df89db5e5/skolers-arbeid-med-elevenes-psykososiale-miljo.pdf>

¹⁰ <https://www.usn.no/forskning/forskningsgrupper-og-senter/barnehage-skole-og-hoyere-utdanning/utdanningskvalitet-og-profesjonelt-handlingsrom-i-barnehage-skole-og-hoyere-utdanning/er-du-snitche-er-du-ferdig>

Mobbing der vaksne ikkje er

Barn og unge er saman i barnehage, på skule, på skuleveg, på fritid og på nett. Barn som opplever mobbing og krenking, viser til at dette skjer på fleire stader, i ulike situasjonar og på ulike måtar. Barn fortel både om tydelege og meir skjulte krenkingar. I tillegg til førespurnader om urolege klassemiljø, høyrer vi om barn som blir utsette for verbale, relasjonelle, fysiske og digitale krenkingar.

Barn fortel om å bli kalla ufine ting, til dømes kommentarar på utsjånad. Trugslar om overgrep eller vald skjer, til dømes at personen skal bli skada om han/ho ikkje gjer som medelevane vil, eller om dei «snitcher». Rasistiske utsegn og kommentarar som gjeld identitet er òg ein del av opplevingane vi høyrer om. Dette skjer både ansikt til ansikt og digitalt. Mobbeombodet erfarer det same som også elevundersøkinga ¹¹ viser: mobbing og krenking skjer oftast der vaksne ikkje er, eller på måtar som vaksne ikkje klarar å fange opp. Elevar fortel også om vaksne som ser, men ikkje grip inn, og om at dei opplever å bli bagatellisert når dei fortel om mobbing og krenkingar dei opplever.

Ufrivillig skulefråvær

Ufrivillig skulefråvær, eller skulevegring, er ei utfordring i stadig fleire av førespurnadane til mobbeombodet. Årsakene til at skulen opplevast som ein utrygg plass å vere, er ofte samansette, men for mange elevar handlar det om utanforskap, og om mangel på både fagleg og sosial tilrettelegging. Forsking på skulefråvær viser at det er viktig å starte arbeidet med skulenærvær tidleg, og at elevar treng at skulekvardagen er mest mogleg føreseieleg og trygg. Vi ser at tid alltid er ein sentral faktor i skulefråværssakene.

Det er viktig at dialogen mellom skule og heim er god og kjem raskt i gang, og at tiltak for å trygge eleven er basert på kunnskap om eleven sin situasjon, vert sett i gang raskt, og følgt opp. Sist, men ikkje minst, må eleven sjølv bli lytta til, og omsynet til elevens beste vege tungt i avgjerdene som vert tatt.

Både elevar og foreldre fortel at dei kan oppleve å bli «gløymt» når eleven ikkje er på skulen, og saknar tettare oppfølging frå skulen si side, også i periodar når eleven ikkje klarar å vere der.

Det gjekk ikkje i dag heller...Vi kom oss til parkeringsplassen utanfor skulen, då svikta motet. Han vil så gjerne vere der, vere som alle dei andre, men så får han det ikkje til...

Mor til 6.klassing i Vestland

¹¹ https://samforsk.no/uploads/files/Mobbing-pa-skolen-Analyse-av-Elevundersokelsen-2023_24.pdf

Krenka av vaksne

Mobbeombodet ser ei lita auke i førespurnader som handlar om elevar som blir krenka av vaksne. Årets elevundersøking viser også at fleire elevar rapporterer om denne typen krenkingar. Når barn og unge opplever mobbing eller krenking frå vaksne, handlar det ofte om situasjonar der 1) vaksne krenker barn, 2) vaksne blir opplevd som ein utrygg faktor eller 3) barnet manglar ein trygg vaksenrelasjon i barnehagen eller ved skulen.

Barn som opplever krenking frå vaksne fortel om tydelege overtramp, og meir skjulte eller udefinierbare. Vi har høyrte om barn som har opplevd å få straff; kjeft i samla klasse, ironiske/sarkastiske kommentarar frå lærar, utestengt frå time ved at døra blir låst, innestengt i kott, klype i armen eller halde fast. Barn som har opplevd slike hendingar, fortel at dei blir redde for den vaksne, og at frykta sit i kroppen i lang tid etterpå. Barn som observerer at andre barn blir utsette for slike krenkingar vil òg ofte oppleve den vaksne som utrygg.

Når relasjonen mellom barn og tilsett er skjør, vil samhandling mellom dei opplevast annleis enn når relasjonen er trygg og god (Flygare & Nordahl 2016). Vi ser at det her ligg ein risiko for at det den tilsette seier og gjer, sjølv med dei beste intensjonar, kan bli opplevd krenkande. Vi høyrer òg om barn som ikkje kjenner seg likt av vaksne.

Eg hatar at Bjarte (miljøarbeidar) slutta, no er det faktisk ingen vaksne på skulen som likar meg...

Niandeklasse-jente i Vestland

Krevjande skule- heim samarbeid

I mange av sakene mobbeombodet høyrer om eller følgjer over tid, opplevast samarbeidet mellom skule og heim som krevjande for begge partar. Det kan vere mange grunnar til at det blir slik, men ein av dei vanlegaste er at det tek lang tid frå elev- og/eller føresette melder frå om mobbing og utrygt miljø til skulen undersøker og set i verk tiltak. Foreldre melder ofte om manglande oppfølging frå skulen. Det kan t.d. handle om at dei sjølve må etterspørje oppfølgingsmøte, sakslister og referat frå møta. Dei er også usikre på når og om skulen har sett i verk tiltak for gjere eleven trygg, og kva desse tiltaka går ut på. Mange gongar finst tiltaka som punkt i ein aktivitetsplan, men vert ikkje følgt opp i praksis eller endra når og dersom situasjonen rundt eleven endrar seg. Tilsette i skulen kan frå si side fortelje om foreldre som krev mykje av dei, er utolmodige og om manglande kapasitet til å arbeide godt med både førebygging og handtering av mobbing og utrygge miljø. Dei ber om tillit frå foreldra,

men for å få denne tilliten er det ofte ein føresetnad at foreldra opplever skulen som føreseieleg og profesjonell, både når det kjem til sakshandsaming, forvaltningsskikk og oppfyljing av aktivitetsplikta etter oppl.lov § 9 A-4 (ny oppl.lov § 12-4).

Kva med barnehage?

«Finst det mobbing i barnehagen?» er eit spørsmål vi i mobbeombodet får med jamne mellomrom. Sjølv sagt er det ein del av barn si naturlege utvikling å prøve ut ulike negative handlingar som å ta leikar frå jamaldringar, bite eller dytte, utan at ein nødvendigvis skal eller bør kalle dette for mobbing. Dersom ein ser døme på eit samspel mellom barn som er prega av negative interaksjonar der t.d. nokre barn ikkje blir invitert inn i leiken, blir utsett for verbale eller fysiske krenkingar, er det viktig at personalet har både kunnskap og kapasitet til å gripe inn og rettleie. Vi veit at barn som vert utsett for gjentekne negative handlingar kan har auka risiko for sosiale, emosjonelle og akademiske vanskar seinare i livet (Idsøe & Roland, 2017).

Mobbeombodet har hatt 10 førespurnader frå barnehagefeltet det siste året. Sjølv om det ikkje er mange, ser vi at dei same problemstillingane går att i alle sakene der det er foreldre som tek kontakt med oss. Det handlar om at ein kjenner seg bagatellisert når ein melder frå om at barnet ikkje har det trygt i barnehagen, om manglande undersøkingar og/eller om tiltak som ikkje vert gjennomførte eller har effekt. Barnehageforeldre spør i tillegg ofte om korleis og til kven ein skal løfte saka når tiltaka i barnehagen ikkje fungerer. I motsetnad til opplæringslova, gjennom § 9 A-6, gir ikkje barnehagelova same individuelle klagerett. For barnehagane er det kommunen som er tilsynsmyndigheit og fører tilsyn etter barnehagelova.

I mars 2024 kom ein rapport frå Utdanningsdirektoratet¹² der barnehagesektorens forståing, implementering og etterleving av barnehagelovas kap. VIII, psykososialt barnehagemiljø, vart evaluert. Den viste mellom anna at det er stor skilnad mellom barnehageeigarar når det gjeld implementeringa av bestemmingane av barnehagelova kap. VIII. Den viste også at det varierer i kor stor grad foreldre får informasjon om lovverket og rettar knytt til dette.

¹² [Rapport evaluering av barnehageloven kapittel VIII \(udir.no\)](https://udir.no)

Både mobbeombodet sine erfaringar og rapporten viser at mange barnehagar har ein praksis der tiltak ikkje vert nedfelt i ein skriftleg plan, noko som ikkje er i samsvar med aktivitetsplikta. Ombodet sine førespurnader frå barnehage viser at det er ulik forståing blant dei tilsette av kva som er ei krenking, noko som kan føre til at meldingar frå barn og føresette ikkje blir tekne på alvor. Rapporten viser også dette, og peiker på at ulik forståing vil føre til ein risiko for at terskelen for å gripe inn blir for høg, og at terskelen for å melde frå til styrar når nokon som arbeider i barnehagen krenker eit barn også vert for høg.

I skulemiljøsakene mobbeombodet er inne i, høyrer vi ofte «det starta i barnehagen». Dette, og kunnskapen om varierende arbeid med implementering av og informasjon om barnehagelova kap. VIII, gjer at vi vil prioritere informasjon og samarbeid med barnehagane i Vestland følgjande år.



Foto: Vestland fylkeskommune: Tre barn i barnehagen

Å lukkast med både førebygging og handtering-tilrådingar frå mobbeombodet

1. Skap god dialog med heimane

Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partner og ein verdifull bidragsytar. Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/skulen sin aktivitet.

Ha klare rutinar for møteleiing, referatskriving, og ha leike- og læringsmiljø som tema på alle foreldremøte. Foreldremøte som inviterer til dialog og samarbeid er ofte etterlyst av foreldre.

Vær ærlege med foreldra dersom det er mobbing og uroleg miljø på skulen eller i barnehagen. Foreldre blir urolege og mister tillit når dei erfarer og høyrer noko anna enn det som går fram av vekebrev og på foreldremøte. Fortel korleis de har undersøkt og kva de fann ut, og informer foreldra om korleis de vil arbeide framover for å få slutt på mobbing og bygge opp at trygge miljø.

2. Kjenn barn og unge sine rettar

Alle som arbeider med barn og unge må ha kunnskap om rettane deira, og korleis gjere ei vurdering av barnets beste. Dei må vidare gjennomføre pliktene sine etter lovverket ovanfor barn.

Alle tilsette i skule og barnehage, også midlertidig tilsette og vikarar, må ha inngåande kompetanse om aktivitetsplikta og delpliktene, etter opplæringslov og barnehagelov. Det er skule/ barnehageeigar- og leiing sitt ansvar å sørge for at dette er tema som vert arbeidd med systematisk, og for oppfølging og kompetanseheving både på gruppe -og enkeltindividnivå.

3. Laget rundt eleven må vere fulltalig

Alle barn og unge må vere trygge på at dei blir sett og får hjelp når dei treng den. Meld. St.6 (2019-20) løftar fram tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO, og viktigheita av eit kompetent og tverrfagleg lag rundt eleven.

Skule- og barnehageeigar har ansvar for at det finst eit slik lag, bestående av spesialpedagogiske ressursar, PP-teneste, skulehelseteneste etc. i alle kommunar, og at dei har kompetansen og kapasiteten som trengs til å hjelpe elevar når dei har behov for det.

Også dei tilsette må ha naudsynt kompetanse tilgjengeleg når dei har behov for hjelp og rettleiing.

4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleiing og sosial kompetanse øvst på agendaen

Mobbeombodet erfarer at det er eit strekk i laget mellom kommunar, skular og mellom tilsette i same barnehage/skule når det kjem til kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og utrygge leike og læringsmiljø.

Kompetanse om mobbing handlar om å ha ei heilskapleg tilnærming til arbeidet på alle nivå. Det inneber også å endre fokus frå individperspektiv til systemperspektiv, og vil seie at dei tilsette må ha fokus på konteksten rundt barnet/eleven og faktorar dei kan gjere noko med. Å årsaksforklare mobbing og utrygghet ut frå eigenskapar hjå barnet vil ikkje bidra til å få slutt på mobbing eller til å skape trygge miljø.

Skule- og barnehageeigar må i endå større grad sikre at alle tilsette har kapasitet (kompetanse, økonomi, haldningar, rammer) til å sørge for at barn og unge får oppfylt rettane sine og har det trygt og godt i skule og barnehage.

Mobbeombodet tilrår at det blir oppretta ei kompetanse/ressursgruppe på kvar skule/barnehage som har oppdatert kunnskap om førebygging og handtering av mobbing. Gruppen må vere forankra i leiinga, og ta ansvar for at alt frå undersøkingar, utarbeiding av aktivitetsplanar til rehabilitering av klassemiljø/barnemiljø etter avslutta mobbesak. Arbeidet kan delegerast til andre, men nokon i gruppa må kvalitetssikre arbeidet.

Leiing i skule -og barnehage må lage felles rutinar og standardar for arbeidet som skal gjerast, frå det som skjer i klasserommet/avdelinga til uteområde og garderober. Leiinga har også ansvar for å sørge for at rutinane blir følgt opp i praksis av dei vaksne.

Type I og type II skular- kva kjenneteiknar skular som lukkast?

I den siste tilrådinga vår skriv vi om «strekket i laget» som mobbeombodet opplever finst både mellom skular og i skular i fylket. Dersom alle elevar i Vestland skal få ivaretatt retten sin til trygge og gode leike -og læringsmiljø, kan det ikkje vere avhengig av kommune, skule eller person korleis du blir møtt og følgt opp når du ikkje har det bra på skule eller i barnehage.

I dei krevjande sakene vi møter som mobbeombod ser vi at det ofte kan gå gale allereie i starten av ei mobbesak når foreldre eller elev melder frå, og at det gjerne held fram med å gå gale, eller at ein går «i ring» med arbeidet utan å ha ein plan for kva ein skal gjere. Støen, Fandrem og Roland (2018) viser gjennom typografi kjenneteikn på skular som klarer å løyse mobbesaker og dei som ikkje lukkast med det. I tabellen under er type I- skulane i siste kategori og type II- skular illustrerer skular som lukkast. Vi

meiner at tabellen illustrerer på ein god måte kva som bør vere målet og framgangsmåten til alle skulane i Vestland, heilt frå den første meldinga om mobbing og utrygt miljø kjem til etterspel og rehabilitering.

Tabellen viser også kor uheldig det er når definisjonen og forståinga av kva mobbing er og korleis det kan sjå ut varierer både mellom ulike skular og innanfor same skule. Innhaldet i tabellen kan også i stor grad overførast til barnehage.

	Type I-skular	Type II-skular
Fase 1		
Indikasjonsfasen		
Varslarar	fornærma (elev/foreldre)	varierte gruppe (skulen kan også vere den som oppdagar mobbing/utrygge miljø og er ikkje alltid avhengig av at elev/foreldre melder frå)
Skulen sin respons	unnnvikande	ivaretakande
Fase 2		
Dokumentasjon		
Undersøking	ad hoc	systematisk
Intervensjonsgrunnlag	tilståing	dokumentasjon
Fase 3 Intervensjon		
Pådrivarar mobbing	forhandling og mekling	krav
Mobbeutsette	forhandling og mekling	støtte
Foreldre/føresette	forhandling og mekling	samarbeid
Fase 4 Etterspel		
	konfliktar	samarbeid
	stigmatisering	rehabilitering
Generelle trekk		
Mobbedefinisjon	lokal	etablert
Prosess	sirkulær	lineær

Tabell: Fritt etter *Stemmer i mobbesaker*, 2018

Vegen vidare

Mobbeombodet vil også i det komande året arbeide for at barn og elevar skal få oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Vi skal vere eit lågterskeltilbod for barnehageborn, grunnskuleelevar og foreldra deira. Vi vil halde fram med å prioritere førespurnader som gjeld utrygge barnehage- og skulemiljø, og tilby fagleg, emosjonell og sosial støtte til dei som kontaktar oss.

Vi vil fortsetje arbeidet med å gjere ombodstenesta kjend i Vestland. Det gjer vi både gjennom ulike oppdrag for foreldre og tilsette i barnehage og skule, og gjennom digitale treffpunkt som informasjon på nett, aktuelle innlegg i sosiale medium og webinar. Mobbeombodet skal vere ein tydeleg aktør, med eit godt forankra barnesyn i både formidling, rettleiing og gjennom uttale i media.

I Vestland fylkeskommune sin langsiktige mål- og strategiplan har vi sett oss mål om å vere *pådrivar for å utvikle godt foreldresamarbeid i skule- og barnehage, for at barn sine rettar vert gjort kjende for både dei sjølv og for tilsette, og for at tilsette rundt barn har kompetanse om trygt skule- og barnehagemiljø*. Dette gjer vi kontinuerleg, men har som mål å systematisere arbeidet vårt slik at vi er i kontakt med alle kommunar kvart år.



Foto: Vestland fylkeskommune: Fjellsti

Komande år vil vi ha spesielt fokus på:

Å komme i kontakt med og bli kjende med kommunar vi ikkje har hatt kontakt med tidlegare/føregående år. I samband med utsending av årsmeldinga, vil vi informere om ombodsordninga, og kva ombodet kan bidra med opp mot elevar, foreldregrupper og tilsette i skule og barnehage. Vi vil også ta initiativ til å delta på aktuelle politiske og administrative møte i kommunane.

Prioritere å opprette kontakt og samarbeid med barnehagane i Vestland. Her viser vi til avsnittet «Kva med barnehage?» på side 17.

Å samle ressursteam i fylket, leggje til rette for deling av kunnskap og erfaring, og vere pådrivar for at alle kommunar byggjer seg og brukar slik kompetanse til beste for barn i barnehage og grunnskule.

Samarbeide med skuleeigar og skular ved implementering av ny opplæringslov. Vere medverkar og pådrivarar for implementering av lovverket og god praksis.

Saman for trygge og gode barnehage- og skulemiljø!



Foto: Pixabay.com: Hender som rører kvarandre

Kjeldeliste

Barneombudet (2021), «Ungdom om medvirkning og barnerettighetsvurderinger», <https://www.barneombudet.no/uploads/documents/Publikasjoner/Fagrappporter/Barnerettighetsvurderinger-og-medvirkning.pdf>

Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Henta 01.12.2020 frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rappporter/a-bli-utsatt-for-mobbing-en-kunnskapsoppsummering-om-konsekvenser-og-tiltak/>

Drugli, Flygare og Nordahl (2016), *Relasjoner mellom elever*, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/sosial-laring-gjennom-arbeid-med-fag/relasjoner-mellom-elever/larerelev-relasjonen-og-elevelev-relasjoner/>

Drugli, M.B. & Onsøien, R. (2010) *Vanskelige foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Akademisk Forlag.

Drugli, M.B. & Nordahl, T. (2016). *Samarbeidet mellom skole og hjem*, Utdanningsdirektoratet. Henta 01.12.20 frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/samarbeid-mellom-hjem-og-skole/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/>




Idsøe, E.C & Roland, P. (2017). *Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse- forebygging-tiltak*

Lund, G. E. (2020). Responsivt forældresamarbejde i skolen. *Tema: Forældresamarbejde – en udfordring for læreruddannelsen og et vilkår for skolen. Studier i Læreruddannelse og Profession*. 5(1) (s. 52-72). Henta 01.12.2020, frå <https://tidsskrift.dk/SLP/issue/view/8790/1160?fbclid=IwAR0X-VZabvXReLGLC0Bu4oMpH7qUSSowZ3Fzq9513Dlq0MppEsFwctwYxtc>

Seland et al (2020), *Evaluering av ordning med fylkesvise mobbeombud for barnehage og grunnskole*, NOVA-rapport, https://www.udir.no/contentassets/a252bc9ffb8d43819923e1c2c164a51f/fylkesvise-_mobbeombud_nova-rapport-2020.pdf

Støen, J, Fandrem, H & Roland, E (2018). *Stemmer i mobbesaker- Resultater og erfaringer fra Stigma-prosjektet*

Udir.no (2024) *Barnehagesektorens forståelse, implementering og etterlevelse av barnehageloven kapittel VII Psykososialt barnehagemiljø: Rapport evaluering av barnehageloven kapittel VIII (udir.no)*



vestlandfylke.no

Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 13.11.2024 14:53:29
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Nytt fra FKT oktober 2024

Fra: Forum for kontroll og tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: fredag 11. oktober 2024 11:24
Til: Stian Skår Ludvigsen <Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no>
Emne: Nytt fra FKT oktober 2024



«Kontrollutvalgets møter og det som skjer mellom møter»

Vi minner om webinar for kontrollutvalg 1. november.

Gratis for medlemmer!

Påmelding



Pressens offentlighetsutvalg har undersøkt bruken av politikerportaler i norske kommuner

Hva skjer med den grunnlovsfestede åpenheten når lokalpolitikken flytter inn i digitale løsninger? Det har Pressens offentlighetsutvalg undersøkt og beskrevet i rapporten «Digitale møteportaler i norske kommuner»

Rapporten



KS vil møte myter med fakta. Det finnes mange myter om kommunesektoren. Felles for dem er at de ikke gir et riktig bilde av virkeligheten. For KS er det viktig å spre kunnskap om kommuner og fylkeskommuner basert på fakta og de nyanser som kreves for å beskrive en så variert og sammensatt sektor.

Vi har samlet noen av de vanligste mytene om kommunesektoren og forteller hva som egentlig er fakta.

Myter og fakta om kommunesektoren

[Les mer](#)



Beskyttelse mot skadelige nettider for grunnskolen

Regjeringen og KS ber kommuner sørge for beskyttelse mot skadelige nettider for grunnskolen. Hensikten er å forhindre kontakt mellom barn og potensielle overgripere

[Undersøkelsen](#)



Oppdatert veileder om varslingsreglene

KS har utarbeidet en ny veileder om varslingsreglene i arbeidsmiljøloven.

[Veilederen](#)



Personvernundersøkelsen 2024

Den norske befolkningen kan mer om personvern enn tidligere. Samtidig opplever mange at sporingen på nettet er uoversiktlig, og at det er ubehagelig med alle opplysningene om dem som ligger der ute. Dette kommer frem i en landsdekkende undersøkelse om befolkningens forhold til personvern som Datatilsynet har gjennomført.

[Undersøkelsen](#)

Hold deg faglig oppdatert med FKT



Kommende arrangementer



Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn. All rights reserved.
Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår adresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2025

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 21. Kontrollutvalgskonferanse 29. - 30. januar 2025 og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Sist oppdatert: 25.10.2024

Nøkkelforo

Fra/til	29.1–30.1
Påmeldingsfrist	17.12
Pris	Kr 8 700 eks. mva. med overnatting (inkl. frokost og middag) (ikke-medl.: kr 9 200 eks. mva.) Kr 6 840 eks. mva. uten overnatting og middag (ikke-medl.: kr 7 340 eks. mva.) Kr 1 208 eks. mva. for overnatting (inkl. middagsbuffet 28.1.2025 og frokost 29.1.2025) fra 28. til 29. januar 2025 Deltakere fra kommuner/fylkeskommuner hvor sekretariatstjenesten for kontrollutvalget ivaretas av virksomheter som er bedriftsmedlem i NKRF, oppnår medlemspris.
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	29.1.: 10.00 - 17.00 30.1.: 09.00 - 13.00
Etterutdanning	11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning

Hovedprogram | Onsdag 29. januar 2025

09.00

Registrering og enkel servering

10.00

Velkommen

Konferansier Håkon Haugsbø og daglig leder Rune Tokle, NKRF

10.10

Åpning

TBA

10.30

Pause og utstilling

10.50

Välfärdsbrottslighet, otillåten påverkan, kriminell ekonomi och kriminella nätverk

Christina Kiernan, Sveriges Kommuner och Regioner (SKR)

12.05

Pause og utstilling

12.25

Velferdssamfunnet mot vippepunktet?

Ulf Andersen, statistikkseksjon i NAV

13.00

Lunsj og utstilling

14.00

Fra vugge til grav – kommunale tjenester for framtida

Hilde Singsaas, direktør i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)

Frank Jenssen, statsforvalter i Trøndelag

Håvard Moe, seniorrådgiver i KS Konsulent

15.00

Pause og utstilling

15.20

TBA

16.00

Pause og utstilling

16.20 - 17.00

Den etiske kommunen – finnes den?

Dagfinn Høybråten, leder av Kommunesektorens etikkutvalg

Minikurs | Onsdag 29. januar 2025

Valgfritt tilbud parallelt med hovedprogrammet

(OBS krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)

10.50 - 12.05

A. Gode bestillinger av forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller

Ellen Halsbog Lange, seniorrådgiver i NKRF

Ragnhild Aashaug, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS og nestleder i NKRF

Middagsarrangement i The Qube | Onsdag 29. januar 2025

19.30

Aperitif og middag med underholdning.

Middagsarrangementet foregår i [The Qube](#), hvor også selve konferansen finner sted.

Hovedprogram | Torsdag 30. januar 2025

09.00

Kunstig intelligens – muligheter og utfordringer

Eirik Solheim

09.45

Pause og utstilling

10.05

TBA

11.00

Pause og utstilling

11.20

TBA

12.05

Pause og utstilling

12.25

Kommunen og kontrollutvalget

Agnar Kaarbø, politisk redaktør i Kommunal Rapport

13.00

Lunsj

Minikurs | Torsdag 30. januar 2025

Valgfrie tilbud parallelt med hovedprogrammet

(OBS krever særskilt påmelding - begrenset antall plasser)

10.05 - 11.00

B. Økonomistyringssystemene og de økonomiske rammene for kommunene

Knut Erik Lie, seniorrådgiver i NKRF og utredningsleder i Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS)

11.20 - 13.00

C. Forstå det kommunale regnskapet

Inger Anne Ankersen, Viken kommunerevisjon IKS

Det tas forbehold om endringer i programmet.